

Trygg og framtidsretta



Årsrapport 2016



Time kommune

Innhald:

Innleiing	5
Framlegg til vedtak	6
Forklaringar	6
1 Nasjonale føresetnadar	7
2 Lokalsamfunnet Time	8
2.1 Samfunnsutvikling	8
2.2 Time for alle	12
2.3 Trygg i Nærmiljøet	13
2.4 Førebygging og tidleg innsats	13
2.5 Kultur og trivsel	16
2.6 Bryne – byen vår	16
2.7 Kommuneorganisasjonen	17
3 Økonomiske hovudtal	18
3.1 Driftsrekneskap	18
3.2 Finans- og finansforvaltning	21
3.3 Balanse per 31.12.2016	22
3.4 Økonomiske nøkkeltal	24
4 Omstilling og effektivisering	26
4.1 Rapportering om tiltak 2016	26
4.2 Vurdering og oppsummering av driftsåret	27
5 Velferdstenester	29
5.1 Hovudtal per tenesteområde	29
5.2 Oppvekst	29
5.2.1 Økonomi	29
5.2.2 Rapportering om tiltak 2016	30
5.2.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Oppvekst	32
5.2.4 Utfordringar framover	39
5.3 Omsorg	41
5.3.1 Økonomi	41
5.3.2 Rapportering om tiltak 2016	41
5.3.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Omsorg	42
5.3.4 Utfordringar framover	47



- Trygg og framtidsretta

Kommunen (politikarar, leiarar, medarbeidrarar og tillitsvalde) skal være prega av:

- Ansvar
- Engasjement
- Gjensidig respekt
- Optimisme

Mål

Innbyggjarane/brukarane: Rett teneste til rett tid

Medarbeidarane: Stolte og kompetente

Samfunn/miljø: Alle bryr seg og tek ansvar for framtidia

Økonomi: Sunn økonomi som sikrar måloppnåing

Kjenneteikn for alle leiarar i Time kommune

- Tek ansvar for heilskapen og samarbeider
- Synleg og tydeleg leiing
- Verdi og kulturyggjar
- Kommuniserer ope og aktivt
- Er brukar-, mål- og handlingsorientert
- Motiverer, skaper trivsel og gjer kvarandre gode

Innleiing

Årsrapporten 2016 er ei tilbakemelding frå administrasjonen til dei folkevalde i Time kommune på resultat og bruk av ressursar. Her peikar me også på utfordringar som må løysast i framtida. Rekneskap 2016 er kommunen sin offisielle rekneskap.

Kommunen har i mange år hatt utfordringar med å kunna takla folkeveksten. Det har me ikkje lenger. Nå er utfordringa å tilpassa tenestetilbodet til lågare vekst enn me tidlegare har planlagt for. I nokre tilfelle er etterspurnaden òg redusert, som eksempelvis i barnehagane, sjølv om yngre barn har fått utvida rett på barnehageplass. Me planla òg for ei stor tilstrøyming av flykningar. Situasjonen nå er at det kjem få flyktningar til landet og planlagde og igangsette tiltak, må leggjast ned. Endra etterspørsel etter tenester vil redusera behovet for arbeidskraft på desse områda.

Netto driftsresultat for 2016 er på 58,3 millionar kroner (4,4 %) mot 34,8 millionar kroner (2,8 %) i 2015. Kommunen har ei målsetting om å avsetja 1,5 % av sum skatt og rammetilskot til investeringar og i 2016 vart det sett av 2,2 %.

Det gode netto driftsresultatet skuldast først og fremst høgare skatteinntekter enn det me forventa etter ein svak skatteinngang våren 2016. Høge skatteinntekter på hausten gjeld heile landet og skuldast eingongsverknad av nye skattereglar. Det har òg vore god økonomisk styring i tenesteproduksjonen, me har fått meirinntekter i forbindelse med flykningane og auka finansinntekter.

Etter at avsetninga er gjort, har me eit udisponert årsoverskot på 24,7 millionar kroner. Då kommunen har låge fond, vil rådmannen rá til at overskotet vert avsett til disposisjonsfond.

Sjølv om me fekk eit godt resultat i 2016, går me likevel stramme tider i møte. Me må hugsa på at det gode resultatet skuldast først og fremst eingongsinntekter. Arbeidsløysa i kommunen er høg. Sosialhjelpsutgiftene er aukande. Veksttilskotet i rammetilskotet fell bort når folkeveksten er redusert.

Skal me klara framtidige utfordringar må me få meir ut av tilgjengelege ressursar gjennom effektivisering, digitalisering og innovasjon. I prosjektet Omstilling 2017 har me som mål å spara inn 10 millionar kroner i 2018 og 25 millionar kroner frå 2019, slik at me kan saldera komande økonomiplan.

Sjukefråværet var i 2016 på 7,2 %, noko som er ein nedgang frå 7,5 % i 2015.

Rådmannen ønskjer å trekkja fram alt det gode arbeidet som vert gjort av medarbeidarar i Time kommune, og takkar alle for innsatsen i driftsåret 2016.



Rådmannen i Time 20. mars 2017

Brit Nilsson Edland
Brit Nilsson Edland

Framlegg til vedtak

1. Driftsrekneskapen for 2016, vert godkjent. Årsoverskotet på 24,7 mill. kroner vert avsett til disposisjonsfond.
2. Investeringrekneskapen for 2016, vert godkjent.
3. Låneopptak 2017 vert auka med 7,5 millionar kroner som svarar til budsjettet, men ikkje oppteken, lån i 2016.
4. Årsrapporten vert teken til orientering.
5. Utfordringar som årsrapporten peikar på, inngår dels i omstillingssprosjekt våren 2017 og vert elles å vurdera hausten 2017 når ny økonomiplan skal leggjast fram.

Forklaringsar

Årsrapporten skal tydeleg fokusera på i kva grad måla er oppnådde. Fargekodar viser om målet er oppnådd grønt , delvis oppnådd gult , eller ikkje-oppnådd rødt . Under merknader vert delvis oppnådde mål og ikkje-oppnådde mål kommenterte. Nokre av dei oppnådde måla er også kommentert.

Kap. 1 omtalar dei nasjonale føresetnadane som kommunen måtte forholda seg til i 2016, kap. 2 lokalsamfunnet i Time, kap. 3 økonomiske hovudtal, kap. 4 omhandlar omstilling og effektivisering medan kap. 5 gjer greie for driftssituasjonen i tenesteområda. Kap. 6 omhandlar kommunen som arbeidsgjevar, kap. 7 viser investeringane, kap. 8 omhandlar resultat frå brukarundersøkingar, kap. 9 viser status i politiske saker og kap. 10 inneheld nøkkeltal.

Kostra-tala i statistikkdelen er foreløpige tal for 2016. Me samanliknar utviklinga i ein del utvalde nøkkeltal for Time med kommunane Klepp, Sandnes, Rogaland og kommunegruppe 8. Me tek etterhald om at det kan vera nokre feilkjelder i talmaterialet sidan kvalitetssjekka tal frå SSB først kjem i juni 2017.

Rekneskap for 2016 vert lagt fram i eige dokument «Rekneskap 2016». Dette viser kommunen sitt offisielle rekneskap og inneheld hovudoversikter for drifts- og investeringrekneskapen, balansen og forklarande noter til rekneskapen. Alle notereferansar i årsrapporten viser til rekneskapsdokumentet.

1 Nasjonale føresetnadar

Norsk økonomi er ein liten og open økonomi som er svært avhengig av hendingar i den globale økonomien. Det som har påverka oss mest dei siste åra var først finanskrisa i 2008 og deretter fallet i oljeprisen i 2014. Me har nå levd med låge oljeprisar eit par år. Oljeprisane ser ut til å ha stabilisert seg på eit nivå mellom 50-60 dollar per fat, som er ei halvering frå dei siste gode åra for oljeindustrien.

Kostnadsnivået i oljesektoren var svært høgt og dette er nå redusert med over 50 %. Det betyr at oljeselskapa og leverandørindustrien har vore gjennom ei sterk omstilling og talet på oljerelaterte årsverk er redusert med over 40 000.

Oljeindustrien har vore den mest lønsame næringa i landet og har høg produktivitet per årsverk. Når desse årsverka forsvinn frå ein så lønnsam bransje til andre næringar, går produktiviteten ned. Arbeidsløyse er òg med på redusera produktiviteten per årsverk. Det krev høg produktivitetsvekst i andre næringar for å kompensera for nedgangen i oljesektoren og høgare arbeidsløyse.

Det er først og fremst offentleg sektor som har hatt høgt aktivitetsnivå med store infrastrukturprosjekt og sterk kommuneøkonomi. Privat sektor utanom oljeindustrien har hatt låge investeringar i 2016. Det betyr at dei er usikre på marknaden framover.

Arbeidsløysa i landet er på 3 % og uendra frå 2015. I 14 av 19 fylke er arbeidsløysa redusert. Det er i fylka som er mest avhengig av oljeindustrien at arbeidsløysa har fortsett å stige i 2016. Rogaland, som er det fylket med høgast arbeidsløyse, hadde i 2016 4,5 % mot 3,4 % eitt år tidlegare.

Oljeprisfallet har først og fremst verknad for staten sine skatteinntekter og for folk, bedrifter og kommunar i dei fem fylka som er ramma av oljenedturen. Resten av landet ser foreløpig ikkje ut til å merka noko. Først dersom statlege inntekter over tid vert lågare, vil dette få konsekvensar for velferdsstaten og dermed folk flest.

Kommunesektoren hadde i 2016 langt høgare skatteinntekter enn forventa. Grunnane er god arbeidsmarknad i store delar av landet, men først og fremst eingongsinntekter som følgje av endra skattereglar for utbytte som vart innført frå 2016.

Mange tok derfor høge utbytte i 2015, altså høgare skatt for skatteåret 2015, men innbetalingane kom først i 2016. Kommunesektoren har derfor fått eit historisk godt resultat for 2016. Dette inntektsnivået er ikkje vidareført til 2017.

2 Lokalsamfunnet Time

2.1 Samfunnsutvikling

Folketal

Folketal, fødslar, døde, inn- og utflytting 2013-2016

	2013	2014	2015	2016
Folketal pr. 1.1	17 437	17 897	18 306	18 572
Fødde	274	285	247	265
Døde	105	93	102	98
Fødselsoverskot	169	192	145	167
Innflyttarar	1 300	1 285	1 202	983
Utflyttarar	1 008	1 066	1 081	1 064
Flytteoverskot	292	219	121	-81
Samla tilvekst	460	409	266	84
Folketal 31.12	17 897	18 306	18 572	18 656
Fødselsoverskot i %	0,97	1,07	0,79	0,90
Flytteoverskot i %	1,67	1,22	0,66	-0,44
Folkevekst i %	2,64	2,29	1,45	0,45

Kjelde: SSB

Historiske tal for fireårsperioden 2013-2016 viser ein årleg vekst på 1,4 %. Dette er langt lågare enn førre periode. Folkeveksten i 2016 var på berre 0,45 %. Fødselstala og fødselsoverskotet er høgare enn i 2015, men lågare enn 2013 og 2014. Låg folkevekst i 2016 skuldast netto utflytting. Sist år kommunen hadde netto utflytting var i 2001.

I folkeframskrivinga vår hadde me forventa ein vekst i 2016 på 1,1 %. Me har ti færre barn i førskulealder og 20 færre barn i barneskulealder. Når det gjeld eldre over 80 år er innbyggjartala om lag som forventa.

Folketal 2013-2016 pr. aldersgruppe

	2013	2014	2015	2016	Endring 12-16
0-2	854	839	819	804	-5,9 %
3-5	892	886	896	864	-3,1 %
6-12	1 680	1 746	1 802	1 885	12,2 %
13-15	748	763	753	722	-3,5 %
Sum 0-15	4 174	4 234	4 270	4 275	2,4 %
16-19	952	937	978	994	4,4 %
20-66	10 910	11 201	11 314	11 277	3,4 %
Sum 16-66	11 862	12 138	12 292	12 271	3,4 %
67-79	1 326	1 382	1 437	1 517	14,4 %
80-89	435	453	479	497	14,3 %
90+	100	99	94	96	-4,0 %
Sum 67+	1 861	1 934	2 010	2 110	13,4 %
Sum	17 897	18 306	18 572	18 656	4,2 %

Kjelde: SSB

Talet på barn 0-2 år har vist nedgang kvart år frå toppåret 2012 med 879 barn. Nytt i 2016 er at også aldersgruppa 3-5 år vert redusert. Fødselstala varierer ein del frå år til år, men det at stor netto innflytting nå er endra til netto utflytting gjer dei store utslaga.

Arealforvaltning

I 2016 har 22 dekar jordbruksareal vorte omdisponert, i tillegg til det arealet som har gått med til nye arealkrevjande landbruksbygg og frådelte tun i LNF-områda. 274 dekar vart nydyrka areal, då hovudsakeleg frå kulturbeteite.

For å ta vare på landbruksjorda har det vore fokus på tilstrekkeleg høg utnytting i både nye prosjekt og mindre fortettingssaker.

Revidert kommunedelplan for Bryne sentrum vart godkjend i september 2016.

Arbeidet med revidering av arealdel til kommuneplanen startar i 2017 og er planlagt ferdig i 2018.

Næringsutvikling

Bedrifter etter talet på tilsette i Time per 31. des.

	2012	2013	2014	2015	2016
Ingen tilsette	995	1 046	1 102	1 194	1 277
1-4 tilsette	376	378	380	301	314
5-19 tilsette	221	230	242	258	244
20-49 tilsette	64	71	68	70	69
50-99 tilsette	15	14	14	14	14
100 tilsette og meir	6	6	6	9	10
Sum	1 677	1 745	1 812	1 846	1 928

Kjelde: SSB

Arbeidsplassar og pendling i Time kommune per 31. des.

	2012	2013	2014	2015	2016
Arbeidsplassar	7 475	7 715	7 917	7 529	-
Innpendling	3 740	3 845	4 031	3 773	-
Utpendling	5 959	6 176	6 254	6 103	-
Arbeidsledige i prosent	1,2	1,4	1,7	2,8	3,7
Konkursar	3	9	15	8	11
Nyetablerte føretak	138	158	135	169	169

Kjelde: SSB


Talet på arbeidsplassar i Time er redusert med 388 frå 2014 til 2015. Me har ennå ikkje tal for 2016, men det er grunn til å tru at den negative utviklinga har fortsett. Time kommune er som nabokommunane ramma av nedgangen i oljenæringa.

Talet på bedrifter i Time auka også i 2015 og 2016, men heile veksten er i bedrifter utan tilsette. Time kommune har, trass i at tala har gått noko ned i 2016, stor inn- og utpendling i kommunen.


2016 gjev eit foreløpig variert bilde av den økonomiske utviklinga hos bedriftene. Generelt er det lågare aktivitet i regionen på grunn av lågare oljepris. Nokre bransjar, for eksempel aqua-næringa, rapporterer om auka omsetjing, mens leverandørbedrifter til olje og gass-næringa må halda seg til vesentlig lågare volum og lågare marginar. Fleire av desse har redusert bemanninga, og framleis tilsette i permisjon.

Kommunen antok at arbeidsmarknaden ville verta krevjande og har over lengre tid jobba med å kartleggja initiativ som kan imøtegå problemstillinga. Med god hjelp frå Greater Stavanger vart bedriftsnettverket for avansert mekanisk industri på Jæren, Alloyance, etablert som eige selskap. Innovasjon Norge er inne med kr 560 000 i økonomisk støtte. 27. mai gjennomførte Time kommune ein fagdag for over 50 eksportbedrifter saman med fleire eksterne partar; Innovasjon Norge, GIEK, Eksportkreditt. GrunderArena Jæren vart etablert i 2016, eit samarbeid mellom kommunane i Jærrådet og NAV. Jæren Produktutvikling har ansvar for drifta og målet er at arbeidsledige med høg kompetanse kjem raskt tilbake i jobb og gjerne etablerer eiga verksemnd.

Kommunen har regelmessig kontakt med ulike bedriftsnettverk og sentrale bedrifter og følger opp næringsstrategien som vart vedtatt i 2015.



I 2014 hadde Time kommune ei arbeidsløyse på 1,5 %. Ho auka til 3,4 % i 2015 og har stabilisert seg på dette høge nivået.



Talet på arbeidsledig ungdom auka i 2016 samanlikna med 2015. Time har fleire arbeidsledige ungdommar enn Hå kommune og snittet i fylket og ligg på nivå med Klepp.

Internasjonal strategi vart revidert i 2016. Målet for den internasjonale aktiviteten er at Time skal vera ein internasjonalt orientert, aktiv og attraktiv kommune. Internasjonale prosjekt og samarbeid skal vera knytt til kommunen sine overordna mål og tiltak.

Kunnskapsutvikling

For å sikra samhandling og kunnskapsutvikling er det oppretta ei skulefagleg samhandlingsgruppe saman med Klepp kommune og Bryne vidaregåande skule. Gruppa skal finna nye løysingar innan lærings, forbetring og utvikling.

Samarbeidet i Jærskulen hadde midtvegsevaluering hausen 2016. Resultata viser at samarbeidet har ført til betre føresetnadar for skuleutvikling og profesjonsutvikling.

Teknologi er eit viktig satsingsområde i timeskulen. Pilotprosjektet «nettrett for lærings» i Time vart våren 2016 evaluert. Satsinga har effekt og viser eit stort potensiale for undervisninga og samhandlinga mellom lærarar og elevar. Evalueringa har ført til at alle elevane i Timeskulen vil få lærebrett (iPad) som verktøy i læringsarbeidet sitt.

Helse- og livskvalitet

Ny «Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv» skal leggja til rette for at alle innbyggjarane kan vera meir fysisk aktive, innan idrett, som eigenorganisert aktivitet eller som friluftsliv. I forbindelse med planarbeidet har det i 2016 vorte lagt til rette for medverknad frå idrettslag, frivillige lag og organisasjonar og representantar for grunneigarar som Brynes vel, Jæren Skoglag og Time Bondelag.

Time kommune skårar bra på mange indikatorar som gjeld folkehelse. Det gjeld for eksempel forventa levealder, god drikkevassforsyning og færre legemiddelbrukarar type 2 diabetes. Time ligg lågare enn Rogaland og landsgjennomsnittet når det gjeld kor mange som er behandla i spesialisthelsetenesta og dødeleggjørhet av hjarte-/karsjukdom.

Ungdata 2016 viser at ungdommar i Time er fornøgde med lokalmiljøet, dei er i stor grad fornøgde med helsa og mange er med i fritidsaktivitetar. På alle desse områda skårar kommunen betre enn både fylket og landet.

Energi- og klimautfordringar


Klimaendringar gjev meir intens og kraftig nedbør. Konsekvensane er vurderte i arbeidet med «Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse» og «Hovudplan for vgn og avløp». Planane gjev innspel til kommuneplanen sin arealdel. Det er behov for å kartleggja areal med god vasslagringskapasitet og vurdera bruk og sikring av areala.

Det er eit nasjonalt mål å redusera klimagassutslepp med 40 % fram til 2030 i forhold til 1990-nivået.

«Klima og Energiplanen» frå 2011 har som mål at lokal produksjon av fornybar energi i 2020 skal vera 40 % av stasjonær energibruk. Dette målet er med Høgjæren energipark oppfylt. Målet om å verta 20 % meir energieffektiv er også oppfylt. Energibruken i kommunale bygg er redusert samtidig med at samla areal har gått opp. Alle oljekjelar er utfasa frå kommunale bygg. Energibruken i kommunale bygg er redusert og omlegging frå gass til biobrensel for bygningar i rådhusområdet vil bety ein ytterligare reduksjon av klimagass. Det er installert energiovervakingsanlegg i nesten alle kommunale bygg. Utskifting av vindauge i rådhuset ,A-bygget, vil gje ytterligare innsparing.

Utslepp av klimagassar frå transport og landbruk er dei viktigaste kjeldene til klimagassutslepp i kommunen. Fremdeles er kommunen sin bilpark hovudsakeleg basert på fossile brensler.

Då SSB har slutta med kommuneoppdatert statistikk grunna for därleg datagrunnlag, har me ikkje tal på reduksjon av klimagassutslepp i 2016. Det er meldt at dette skal vera på plass att i løpet av 2017.



2.2 Time for alle

Deltaking og aktivitet

I tråd med «Handlingsplan for lokaldemokrati» vert det lagt vekt på brei involvering og medverknad i planprosessane. Administrasjonen har saman med Senior- og brukarrådet prøvd ut nye metodar for å involvera nye grupper, mellom anna gjestebod og dialog med brukarorganisasjonar, og fleire prosjekt har referansegrupper.

Time vart i 2016 med i KS sitt «kommunenettverk universell utforming» for perioden 2017-2018. Målet med nettverket er å få fram strategiar og erfaringar for å auka tilgjenge i eksisterande bygg og uteområde.

Ein aukande del av innbyggjarane må ha sosialhjelp for å klara seg i samfunnet. Også ein aukande del unge har i 2016 i kortare eller lengre tid fått sosialhjelp. Frå 1. januar 2017 er det lovfesta at unge sosialhjelpsmottakarar har aktivitetsplikt.

Når det gjeld flyktningar som avsluttar introduksjonsprogrammet er det i 2016 færre som går over på sosialhjelp enn dei førre åra, jamfør tabell 10.3.8.

Integrering og mangfald

Ein utfordrande arbeidsmarknad i 2016 med stabil høg arbeidsløyse, har gjort det vanskelegare for personar med innvandrarbakgrunn å behalda eller få fast jobb. Det vert stilt høgare krav til formell kompetanse og norsk språk.

Det har kome fleire ledige private leigebustadar på marknaden i løpet av året og leigeprisane har gått ned. Dette har ført til mindre press på dei kommunale bustadane og kommunen har i 2016 hatt fleire ledige husvære.

Det er fremdeles utfordrande å finna eigna tomter og bustadar til personar som er rusavhengige. Buoppfølging gjev gode resultat hos personar som har utfordringar med buevna si.

I 2016 starta Time frivilligsentral opp prosjektet TimeKompis, eit prosjekt for å skapa betre kontakt mellom innvandrarar og dei som bur i kommunen frå før. Time starta også opp eit innovasjonsprosjekt der målet er å få fleire unge med innvandrarbakgrunn med på fritidsaktivitetar.

2.3 Trygg i Nærmiljøet

Samfunnstryggleik og beredskap

I 2016 er kommunen sin heilsakplege risiko- og sårbarheitsanalyse revidert. Ut frå funn i ROS-analysen er det anbefalt at alle tenesteområda gjennomfører ROS-analysar på utsette område for å auka eigenberedskapen. Godkjent handlingsplan skal følgjast opp i økonomiplanarbeid, i ulike planar og i tiltak i organisasjonen.

Kriminalitetsførebygging

SLT er eit samarbeid mellom kommunen og politiet for å førebyggja kriminalitet og å skapa tryggleik i lokalsamfunnet. I 2016 har SLT-arbeidet vore sentrert rundt førebygging av ekstremisme og radikalisering, organisering av natteravnordninga og oppfølging av ungdommar.

Trafikktryggleik

Time kommune har ein eigen trafikksikringsplan som har fokus på både haldningsskapande arbeid og fysiske sikringstiltak. Planen vart godkjent av Time kommunestyre i 2015. Handlingsdelen i Trafikksikringsplanen har eit 4-årig perspektiv og vert rullert årleg som ein del av økonomiplanen.

Time kommune vart i 2016 godkjent som Trafiksikker kommune, som ein av fire i Rogaland, og forpliktar seg til å arbeida systematisk og tverrfagleg for å oppnå eit trygt lokalmiljø og førebyggja trafikkulykker. Tiltak i Trafikksikringsplan 2016-2025 er utførte etter godkjent handlingsplan for 2016.

2.4 Førebygging og tidleg innsats

Ein viktig føresetnad for at ungdom går vidare i utdanning og jobb er at dei fullfører vidaregåande skule. Strategiplanen for oppvekst vart vedtatt våren 2016 og tidleg innsats er her omtalt i eige kapittel med eigne målsettingar og tiltak.

Blant dei førebyggjande tiltaka er overgangsplanen for aldersgruppa 0-16 år justert til å omhandla overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule. Det har i tillegg vore arbeidd systematisk med å redusera behovet for spesialundervisning i grunnskulen.

Fråfall i vidaregåande opplæring, auke i talet på unge uføre, arbeidsledig ungdom og aukande barnefattigdom er folkehelseutfordringar som kan skapa store forskellar innan helse. Dei bidreg òg til at fleire innbyggjarar fell utanfor viktige arena som utdanning, skule og fritid. Kommunen samarbeider med Bryne vidaregåande skule for å hindra «drop-out». I lag med NAV er det sett på moglege grunnar til at Time har fleire unge uføre enn nabokommunar og fylket generelt.

Folkehelseprofilen for Time viser at kommunen skårar bra på mange indikatorar som gjeld helse. Gjennomsnittleg levealder er høgare og folk er jamt over friskare enn før.

Fokus på helsefremjande tiltak som retter seg mot alle innbyggjarar, gode oppvekstvilkår for barn og unge og samarbeid på tvers av kommune, frivillig sektor og næringsliv må til for å skapa god helse for alle i Time.


Folkehelse

Time har ei tverrfagleg organisering av folkehelsearbeidet, og det er etablert eit årshjul for «løpende oversikt over folkehelsa» i tråd med rapport etter tilsyn frå Fylkesmannen i 2015. «Løpende oversikt» betyr at kommunen skal følgja med på utviklinga innan viktige folkehelseutfordringar som bakgrunn for å vurdera mål, strategiar og tiltak, samt fanga opp ny og vesentleg informasjon om helsetilstand og faktorar som påverkar helsa til innbyggjarane.

Alle barnehagar og skular i Time, bortsett frå Bryne ungdomsskule, er godkjende etter «*Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skoler m.v.*». Avviket på Bryne ungdomsskule vert korrigert i samband med ombygging.

Det var ingen spesielle smittevernutfordringar i kommunen i 2016. Førekomst av antibiotikaresistente bakteriar var lågare i 2016 enn i 2015. Dette skuldast truleg tilfeldig variasjon.

Dei største folkehelseutfordringane ligg på levekårsområda som unge uføre og fråfall i vidaregåande opplæring.




Kjelde: NAV

Talet på unge uføre i alderen 18-29 år har auka dei siste 3-4 åra, både på kommune-, fylke- og landsnivå. Auken er større i Time enn nabokommunar, fylket og landet generelt.

Kommunen, i lag med fylket og NAV Rogaland, har sett på desse tala og prøvd å finna grunnen til at Time har høgare del unge uføre. Det er sett på diagnosegrupper, aldersfordeling og samanlikna med nabokommunar, landet og fylket. Det er ingen klare forklaringsvariablar så langt, og det er derfor behov for halda fram arbeidet med å finna grunnar til dei høge tala.



Fråfall i vidaregåande skule, %



Kjelde: FHI

Stadig fleire elevar fullfører vidaregåande opplæring og Time ligg over landsgjennomsnittet når det gjeld fullføring (Folkehelseprofil 2017). Kommunen har eit innovasjonsprosjekt med Bryne vidaregåande skule for å førebyggja drop-out. Forsking viser at ungdom som droppar ut oppgjer mobbing, einsemd og psykiske problem som hovudårsak til at dei slutta. Problema har ofte starta før elevane begynner i vidaregåande opplæring.


Time ligg på nivå med landet og fylket når det gjeld mobbing i 10. trinn. Elevane sin trivsel ligg noko under snittet. (FHI).

Trivsel og mobbing i 10. trinn 2015-2016

	Time	Klepp	Hå	Sandnes	Rogaland	Norge
Trivsel	4,0	4,0	3,9	4,2	4,1	4,2
Mobbing på skulen	1,2	1,2	1,3	1,2	1,2	1,2

Elevar som har 30 eller mindre grunnskulepoeng er den gruppa elevar som er i størst fare for å droppa ut. Gjennomsnittleg grunnskulepoeng for skuleåret 2015-2016 ligg over 40 for Time kommune, noko som er bra.

Fordeling av grunnskulepoeng ser slik ut:



Kjelde: SSB

2.5 Kultur og trivsel

Kommunestyret vedtok i mai 2016 å etablere ein ny kino med fire salar i Bryne Torgsenter. Kinoen, som er planlagd ferdig i 2018, vil ikkje berre styrke kulturtilbodet, men også verta eit viktig bidrag i by- og sentrumsutviklinga. Det regionale kulturhuset Storstova vil etter dette verta eit reink kulturhus og gje publikum eit utvida tilbod av profesjonelle kulturuttrykk. Det vil også styrke tilbodet til frivillige lag og organisasjonar med omsyn til framføring av konserter, revyar, danseførestillingar og liknande arrangement.

Det er i 2016 lagt ned eit omfattande arbeid med ny kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Planen, som inneheld eit eige handlingsprogram for å styrke idretten og friluftslivet i kommunen, vert endeleg vedtatt av kommunestyret i starten av 2017.

Time kommune har eit utstrakt og godt samarbeid med ei rekke lag og organisasjonar innanfor kultur- og fritidssektoren. I 2017 skal kommunen sin kulturplan reviderast, og i den samanhengen skal det utarbeidast ein eigen strategi for å styrke samhandlinga mellom frivillig sektor og kommunen.

2.6 Bryne – byen vår

I 2016 vart det lagt grunnlag for store prosjekt som har som mål å laga gode møteplassar i sentrum og gjera byen meir attraktiv. Det er greidd ut korleis eit parkeringsanlegg kan etablerast i sentrum og det er lagt til rette for ny kino ved Bryne torg. Opprusting av Fritz Røed skulpturpark, ferdigstilling av Kaizersplassen og omdanning av Revegen til delt område for bilar og gåande er planlagt og klart for iverksetting tidleg i 2017.

Etter fleire år med stor involvering av mange ulike brukargrupper, vart sentrumsplanen godkjent hausten 2016. Planen gjev rom for vesentlig auka aktivitet, både i når det gjeld ny bustadbygging, nye butikkar og nye bedrifter. Dette gjev Time anledning til å utvikla større løysningar for byutviklinga og framtida.

2.7 Kommuneorganisasjonen

I 2016 var arbeidsmarknaden prega av høg arbeidsløyse, og kommunen merka dette gjennom fleire søkjarar til ledige stillingar.

Time sluttførte utgreiinga av kommunereform saman med nabokommunane Hå og Klepp, og gjennomførte folkeavstemming om Jæren kommune i mai 2016. Frammøteporsenten var 53,76 i Time, og 49 % av 16- og 17-åringane stemde. 56 % av innbyggjarane stemde ja til Jæren kommune og 41 % stemde nei. Innbyggjarane i Hå og Klepp sa nei til kommunesamanslåing. Det vart halde tre felles folkemøte for dei tre kommunane, og ei rekkje lokale møte. Folkeavstemminga vart gjennomført med utgangspunkt i intensjonsavtalen om Jæren kommune som vart sendt ut til alle husstandane i dei tre kommunane. Nettsida for innbyggarinvolvering, «minnyekommune.no», vart etablert og redigert i eit samarbeid mellom åtte kommunar i regionen frå hausten 2015 til sommaren 2016.

Ny eigarskapspolitikk vart vedteken i 2016. Dokumentet skal synleggjera kor kommunen er eigar eller samarbeidspart, og prinsipp og rutinar for kommunen som eigar.

Det er sett i gang eit prosjekt for å fornya og digitalisera alle skjema på nettsida til kommunen. Slik vert alle søknadar tilgjengelege døgnet rundt, sikre å bruka og går direkte inn i den kommunale saksbehandlinga. Det er også lagt til rette for at kommunen i 2017 kan gå over til å senda posten til innbyggjarane og næringslivet sine digitale postkassar. Desse tiltaka bidreg til å nå dei statlege måla om digitalisering.

Formannskapet vedtok i 2016 at det skal lagast smartstrategi for lokalsamfunnet Time og Bryne som smart by. Strategien skal synleggjera korleis samfunnsutviklinga kan styrkast ved å etablera nye arenaer for samarbeid, innovasjon og gjennom å ta i bruk ny teknologi.

Time vart kåra til «Årets nynorskkommune» i 2016. Prisen vart delt ut av kulturministeren og vart gjeven på bakgrunn av det systematiske arbeidet med «klart språk», kommunen sin bruk av «kvardagsnynorsk» og dialektnært språk.

3 Økonomiske hovudtal

I årsrapporten vert eit utdrag av rekneskapstala for 2015, og kommentarar til desse, presentert. I dokumentet «Rekneskap 2016» vert kommunen sitt fullstendige rekneskap med noter som gjev utfyllande informasjon presentert. Alle referansar i kapittel 3 viser til dette dokumentet. I dette kapittelet omtalar me driftsrekneskap og balanse, mens investeringane vert omtalte under kapittel 7.

3.1 Driftsrekneskap

Økonomisk oversikt - drift (i 1000 kr)	note	Rekneskap 2016	Budsjett m/endringar	Budsjett u/endringar	Rekneskap 2015
Driftsinntekter					
Skatt på inntekt og formue		534 004	518 900	528 600	493 393
Rammetilskott		411 395	410 970	400 500	393 102
Overføringer med krav til motyting		371 038	292 044	273 214	354 552
Sum driftsinntekter		1 316 437	1 221 914	1 202 314	1 241 047
Driftsutgifter					
Lønnskostnad		850 968	825 474	813 874	837 656
Kjøp til eigen produksjon		121 453	102 607	99 127	109 751
Kjøp frå andre		199 135	186 007	175 915	182 336
Overføringer		63 206	53 188	66 238	56 729
Sum driftsutgifter		1 234 762	1 167 276	1 155 154	1 186 472
Finansinntekter					
Finansinntekter		38 598	36 200	36 200	40 407
Finanskostnad					
Finanskostnad	14	23 215	22 945	22 945	26 426
Avdrag	14	38 710	39 200	39 200	33 735
Resultat eksterne finanstransaksjonar		-23 327	-25 945	-25 945	-19 754
Netto driftsresultat		58 348	28 693	21 215	34 821
Disponert slik:					
Overført til investeringsregnskapen		-20 750	-19 900	-17 400	-10 277
Bruk av tidlegare års regnsk.m. mindreforbruk		14 110	14 100	-	-
Netto avsetning disposisjonsfond	6	-20 870	-20 514	25	-3 125
Bruk av bundne fond	6	-6 102	-2 379	-3 840	-7 311
Mindre-/meirforbruk	15	24 736	-	-	14 108

Driftsinntekter

Driftsinntektene auka med 6,1 % fra 2015 til 2016. Veksten skuldast først og fremst vekst i skatteinntekter. Det kommunale skattøyre var i 2016 på 11,8 % mot 11,35 % i 2015 altså ein auke på 4 %. Denne endringa vart gjort for at ein større del av kommunane sine inntekter skulle koma som skatteinntekter og ikkje overføringar frå staten.

Time kommune fekk ein skattevekst på 8,2 %, noko som er over budsjetterte skatteinntekter. Årsaka til det dei gode skatteinntektene både for Time og landet er eit godt oppgjer for 2015-skatten. Resultatet her får kommunen først når heile skatteoppgjeren er ferdig i oktober/november 2016. Store delar av veksten skuldast ein endra utbytteskatt som vart innført frå 2016.

	Time	Landet
Skattevekst	8,2 %	9,7 %
Skattevekst pr innbyggjar	6,7 %	8,7 %
Skatteinntekter pr innbyggjar	100,1 %	100 %

Sjølv om skatteinntektene for Time var gode i 2016, var dei likevel ein god del under lands-gjennomsnittet på 9,7 % vekst. Skatteinntektene per innbyggjar i Time vart i 2016 på 100,1% av landsgjennomsnittet mot 101,9 % i 2015. Årsaka til dette ligg i høg arbeidsløyse og at folk i mange tilfelle går ned i lønn.

Avviket mellom rekneskap og budsjett når det gjeld overføringar, kjem frå 40 millionar kroner i sjuke- og svangerskapsrefusjonar og 21 millionar kroner i momsrefusjonar. Ingen av desse inntektene er budsjetterte. Me har også fått 13 millionar kroner meir i statstilskot som kjem frå øyremarka tilskot og meirinntekter for flyktningar og asylsökjarar.

Driftsutgifter

Driftsutgiftene auka med 4,3 %, noko som er godt under veksten i inntektene. Dette betrar driftsresultatet.

Meirutgiftene på lønn gjeld bruk av vikarar som, på same måte som refusjonar, ikkje er budsjetterte.

Ein del av meirutgiftene under kjøp til eigen produksjon gjeld utgifter som er refunderte i auka brukarbetalingar og andre inntekter. Når det gjeld auken i kjøp frå andre så gjeld dette kjøp frå staten, andre kommunar, interkommunale selskap og private. Desse kostnadane erstattar kostnadar for eigenproduksjon av tenestene.

Avviket mellom budsjett og rekneskap når det gjeld overføringar skuldast meirutgifter på momskompensasjon på 21 millionar kroner og mindreutgifter på reserverte tilleggsløyvingar på 9,6 millionar kroner. Av dette igjen gjeld 2,4 millionar mindreutgifter på lønnsoppgjeren for 2016. Resten gjeld avsette midlar på ulike tenester.

Finansinntekter/-kostnadar


Rentenivået i 2016 vart endå lågare enn i 2015. God likviditet har derfor ikkje gjeve så store meirinntekter. Renteutgiftene er lite påverka av rentenivået då ein stor del er fastrente og det går derfor tid før ny rentenedgang viser i kostnadane. Fordelen er at viss rentene begynner å stiga vil det også gå lenger tid før dette slår ut i auka kostnadar.

Det som likevel gjer at finansinntektene er over budsjettet nivå er god avkastning i aksjemarknaden, sjå punkt 3.2.

Netto driftsrekneskap

Netto driftsresultat er på 58,3 millionar kroner mot budsjettet 28,7 millionar kroner. Driftsresultatet utgjer 4,4 % av brutto driftsinntekter, sjå figurar. Dersom ein korrigerer for netto utgiftsført premieavvik på pensjon, er netto driftsresultat på 61,5 millionar kroner og 4,7 % av brutto driftsinntekter.

Det store avviket mellom bokført og budsjettet driftsresultat skuldast fleire forhold: høgare skatteinntekter, høgare statstilskot til flyktninger, betre finansresultat, netto meirinntekter på vass- og avløpssektoren på tre millionar kroner mindreforbruk i tenesteproduksjonen på sju millionar kroner. Delar av mindreforbruket er avsett til overskotsfond for 2017.



Figuren over viser at høge skatteinntekter i 2016, har gitt høgt netto driftsresultat i mange kommunar. Gjennomsnittet for alle kommunane ser nå ut til å vera på 4 %.

Årsoppgjersdisposisjonar

Overføring til investering utgjer 2,2 % av sum skatt og rammetilskot. Dette er høgare enn kommunen sitt mål på 1,5 %. Grunnen er at me på budsjetteringstidspunktet såg at veksttilskotet vil verta redusert framover og derfor ikkje disponerte det til drift.

Av fjorårets mindreforbruk på 14,1 millionar kroner er 9,5 millionar kroner avsett til disposisjon og resten er nytta til nedbetaling av meirforbruk i tenesteproduksjonen.

Kommunen fekk etter årsoppgjersdisposisjonar eit årsoverskot på 24,7 millionar kroner.

3.2 Finans- og finansforvaltning

Finansmarknaden 2016

Aksjemarknaden var i 2016 fortsatt prega av låge oljeprisar sjølv om desse har stige med nesten 100 % frå dei lågaste noteringane. Dette ser ut til å ha tatt bort stor usikkerhet i aksjemarknaden. Oslo børs steig i 2016 med 13 %, indeksen for eigenkapitalbevisa til sparebankane steig med 34,3 %, indeksen for sjømatsektoren har stige med 56 % og verdsmarknadsindeksen steig med 4,3 %

Marknadsrentene er reduserte i 2016, men risikopåslaget er auka slik at me ikkje får full effekt av lågare renter.

Aktivaklasse (i 1000 kr)	Marknads- verdi 31.12.2015	Marknads- verdi 31.12.2016	Realisert tap/ gevinst	Urealisert tap/ gevinst	Avkastning i prosent	Ramme i finans- reglement
Pengemarknads- og obligasjonsfond*	3 729	-	78	-	2,0 %	50 mill. kr
Obligasjoner utstedt av finansinstitusjonar	5 011	1 012	218	-26	4,3 %	20 mill kr
Obligasjoner utstedt av norske selskap	3 897	3 420	138	70	5,1 %	
Aksjefond*	5 381	-	179	-	3,4 %	20 mill .kr
Aksjar/eigenkapital-bevis i norske selskap	8 361	7 660	707	2 206	35,7 %	15 mill. kr
Aksjar i utanlandske selskap	1 930	-	-172	-	-10,7 %	2,5 mill. kr
Sum	28 308	12 093	1 148	2 249	12,4 %	

*Dette er kombinasjonsfond av både aksjar og obligasjoner

Finansportefølgja er netto redusert med 16,2 millionar kroner. Aksjane er reduserte med 8 millionar kroner og obligasjonsportefølgja med 8,2 millionar kroner. Kombinasjonsfondet er selt. Nedsalet på obligasjoner er grunna ut frå redusert rentemargin på bankobligasjoner. Nedsalet i aksjar skuldast utilfredsstillande resultat samanlikna med marknaden og eit ønskje om å ta ned risikoen.

Den høge aksjeavkastninga som er vist i tabellen over skriv seg i vesentleg grad frå aksjar forvalta med hjelp av Pareto. Desse hadde ei avkastning på 49 %. Både aksjar forvalta gjennom SR-forvaltning og Swedbank hadde i 2016 utilfredsstillande avkastning.

Det er først og fremst aksjar i oppdrettsselskap og eigenkapitalbevis i norske sparebankar som har gjeve det gode resultatet.

Samla avkastning vart på 12,4 % der aksjar og eigenkapitalbevis har ei avkastning på 25 % og obligasjonar ei avkastning på 5,6 %.

3.3 Balanse per 31.12.2016

Balanse	Note	31.12.2016	31.12.2015
Eigendelar			
Anleggsmidlar		3 256 908	3 013 033
Faste eigedommar	11	1 694 087	1 557 830
Utstyr og maskinar	11	144 451	129 017
Utlån	12	296 127	273 443
Aksjar og delar	3, 12	80 908	78 465
Pensjonar	4	1 041 335	974 278
Omløpsmidlar		272 568	274 329
Kortsiktige fordringar		99 519	102 664
Premieavvik	4	682	3 797
Aksjar og delar	10	7 660	15 664
Obligasjonar	10	4 433	12 648
Kasse, postgiro, bankinnskott		160 274	139 556
Sum eigendelar		3 529 476	3 287 362
Eigenkapital og gjeld			
Eigenkapital		913 637	787 975
Av dette:			
Fondsmidlar	6	67 087	46 830
Endring i rekn. prinsipp	9	3 321	3 321
Udekka og udisponert drift og invest.	15	-5 909	-620
Rekneskapsmessig mindreforbruk		24 775	14 109
Kapitalkonto	7	824 363	724 335
Gjeld		2 615 839	2 499 387
Kortsiktig gjeld		184 680	197 287
Langsiktig lånegjeld	13,14	1 139 058	1 070 598
Pensjonsforplikelse	4	1 292 101	1 231 502
Sum eigenkapital og gjeld		3 529 476	3 287 362

Balanseen viser verdien av eigendelane til kommunen, og korleis desse er finansierte i form av eigenkapital og gjeld.

Anleggsmidlar

Verdien av anleggsmidlar har auka med 171,4 millionar kroner. Dette gjeld alle nye investeringar i 2016 minus avskrivingar, endring i verdiar på utlån, aksjar, delar og pensjonar.

Omløpsmidlar

I kortsiktige fordringar inngår kundefordringar som redusert frå 37,2 millionar kroner i 2015 til 28,6 millionar kroner i 2016. Den største enkeltkravet er refusjonskrav til staten for ressurskrevjande tenester på 39,3 millionar kroner som er det same som i fjar.

Lånegjevarar (i 1000 kr)	Restgjeld pr 31.12.2015	Restgjeld pr 31.12.2016	Gj. rente 2015	Gj. rente 2016
Kommunalbanken	662 013	716 784	1,90 %	1,57 %
Husbanken	208 583	221 727	2,14 %	1,80 %
Sertifikatlån	200 000	200 000	1,64 %	1,34 %
Rentesikring 350 mill. kr.	350 000	350 000	1,42 %	1,62 %
Sum lånegjeld	1 070 596	1 138 512	2,47 %	2,14 %

Kommunen har gjennom rentesikring og fastrentelån sikra 49 % av brutto lånegjeld ved utgangen av 2015. Sikra del av netto gjeld er 66 %.

Likviditet og arbeidskapital


Differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld, det vil seia arbeidskapitalen, gjev eit godt uttrykk for kommunen sin likvide situasjon. Arbeidskapitalen er betra med 10,8 millionar kroner. Viktigaste årsak til forbetrinna er redusert kortsiktig gjeld.

Fondsmiddel

Disposisjonsfond (i 1000 kr)	Disposisjonsfond - drift		Disposisjonsfond - investering	
	2016	2015	2016	2015
Inngående balanse 1.1	6 369	3 243	9 182	11 466
Avsettingar	28 886	25 034	-	-
Bruk av avsetting	-8 016	-21 908	-395	-2 284
Utgående balanse 31.12.	27 239	6 369	8 787	9 182

Bundne fond (i 1000 kr)	Bunde fond - drift		Bunde fond - investering	
	2016	2015	2016	2015
Inngående balanse 1.1	15 850	8 650	15 427	2 752
Avsettingar	10 002	10 036	2 395	12 675
Bruk av avsetting	-3 900	-2 836	-8 713	-
Utgående balanse 31.12.	21 952	15 850	9 109	15 427

Disposisjonsfond kan brukast til både drifts- og investeringsføremål. Dei er dermed ein fri reserve som kan nyttast om uføresette forhold skulle inntreffa. Sjølv om disposisjonsfonda er nær dobla, har kommunen små frie disposisjonsfond.



Disposisjonsfondet i drift har i 2016 auka frå 6,4 millionar kroner til 27,2 millionar kroner. Likevel utgjer dette bare 2,1 % av driftsinntektene og er lågt samanlikna med gjennomsnittet for kommunane.

Bundne drifts- og investeringsfond kan berre brukast til bestemt føremål.


Når det gjeld vatn, avløp og renovasjon så skal desse områda gjerast opp kvar for seg og overskot/underskot skal salderast mot sjølvkostfond. I 2016 er det avsett 3,3 millionar kroner slik saldo per 31.12.2015 på bundne sjølvkostfond er på 8,5 millionar kroner. Renovasjonsområdet hadde ein negativ saldo på 0,7 millionar kroner frå tidlegare og fekk meirforbruk på 0,4 millionar kroner i 2016 slik at samla negativ balanse er på 1,1 millionar kroner.

Ubundne investeringsfond og rekneskapsmessig udisponert i investeringsrekneskapen er ubrukta midlar som er sette av i investeringsrekneskapen. Midlane er sette av til å fullføra vedtekne prosjekt.

Rekneskapsmessig mindreforbruk eller årsoverskotet på 24,7 millionar kroner er foreslått avsett til disposisjonsfond.


3.4 Økonomiske nøkkeltal

	2013	2014	2015	2016
Netto lånegjeld av brutto driftsinntekter	56,9 %	69,0 %	72,8 %	75,2 %
Investeringar som er lånefinansiert	27,7 %	52,2 %	46,4 %	43,9 %
Disposisjonsfond av brutto driftsinntekter	0,2 %	0,3 %	0,5 %	2,1 %
Akkumulert premieavvik av brutto driftsinntekter	0,7 %	1,6 %	0,3 %	0,0 %




Kommunen har ei målsetting om at 1,5 % av sum skatt og rammetilskot skal brukast til delfinansiering av investeringane. Me brukte 2,2 % i 2016. Det var budsjettet med ekstra høge avsetningar i 2016.

Netto driftsresultat varierer mykje frå år til år. 2016 var eit godt år med eit resultatet på 4,4 % av brutto driftsinntekter mot 2,8 % i 2015, som også var eit godt år. Det er anbefalt at netto driftsresultat bør vera mellom 1,75 % og 2 %. Kommunen budsjetterte med eit resultat på 2,3 %.



Kommunen lånefinansierte 41,2 % av brutto investeringar i 2016. Netto gjeldsvekst i 2016 var på 46 millionar kroner og dermed auka gjeldsgraden frå 72,8 % til 75,2 %. I gjeldsgraden ligg også Time kommune sin del av IVAR IKS sitt låneopptak inne.



Lånegjelda gjeld som prosent av driftsinntektene, har auka for kommunen bortsett frå Klepp i 2016. Time har høgare gjeld enn Klepp og Rogaland, men lågare enn Sandnes og KOSTRA-gjennomsnittet.

4 Omstilling og effektivisering

4.1 Rapportering om tiltak 2016

Tiltak	Merknadar
Omstilling og effektivisering	
Det vert sett av ein sentral pott på 500 000 kroner som skal bidra til å skapa gode innovasjonsprosjekt i Time kommune	
Opplæring i innovasjon	
Prøva ut digital samhandling gjennom sikker digital postkasse	Planlegging og testing vart starta i 2016. Digital postkasse vil verta implementert i 2017
Digitalisera og forenkla fleire arbeidsprosessar innan personal og lønn	Arbeidet pågår og er forventa ferdig til sommaren 2017
Ta i bruk prosjektverktøy på intranett og utarbeida handbok i prosjektstyring	
Gjennomføra opplæringstiltak for digitalisering tilpassa behova i dei ulike avdelingane	
Samordna innkjøp av dataprogram for å sikra god samhandling i organisasjonen	Jobbar med samordning både internt i kommunen og saman med nabokommunar. Dette er eit kontinuerleg arbeid for å kunna henta ut gevinstar.
Motta 70 % av fakturaene frå leverandørar elektronisk	
Auka delen utsende elektroniske fakturaer til 65 %	Me nådde 60 % i 2016, ein auke på 2 % frå 2015.
Leggja til rette fleire avtaletypar for elektronisk handel	Dette er eit pågåande arbeid
Heva bestillerkompetansen på innkjøp og utvida bruk av e-handelsverktøyet	
Implementera reviderte kontrakt- og anbodskrav og kontrollrutinar i arbeidet mot organisert kriminalitet og sosial dumping i leverandørkjedene	Kontraktskrav er i varetatt. Har samarbeid med andre kontrollinstansar, men har fått sett i verk nye kontrollrutinar
Påvisa innsparing ved avtalelojalitet og bruk av e-handel	
Forenkla og forbetra elektroniske skjema gjennom innkjøp av skjemamodul	

4.2 Vurdering og oppsummering av driftsåret

Innovasjon

Me har som mål å få til ein innovasjonskultur i kommunen. I 2016 delte me ut innovasjonsmidlar for første gong. Dette skjedde etter ein søknadsprosess kor alle einingane i kommunen fekk anledning til å søkja.

24. mai 2016 arrangerte me den årlige innovasjonsdagen i Bryne mølle. Over 100 leiarar og tilsette deltok. På innovasjonsdagen vert deltakarane presenterte for dei viktigaste innovasjonsprosjekta i kommune. Dei fleste presentasjonane er av eigne tilsette. I tillegg er det innslag frå eksterne for å gje oss eksempel frå andre organisasjonar og som kan bidra til å vidareutvikla arbeidet vårt med innovasjon. Målet med dagen er å få inspirasjon til å jobba vidare med innovasjon i eiga eining og å påverka arbeidet med innovasjonskulturen.

Me arrangerte òg i 2016 opplæring i innovasjonsmetoden BLT (behov, løysing og test). Det er fremdeles mange tilsette som ikkje har kunnskap om metoden og me vil fortsetja å ha årlege kurs.

I tenesteområdet Omsorg har kommunen for mange deltidsstillingar. Dette er eit nasjonalt problem. KS har skrive under ein intensjonsavtale, «Det store heiltidsvalet», med Delta, Norsk Sjukepleiarforbund og Fag forbundet. Målet er å etablera ein heiltidskultur i Omsorg i Norge. I den samanheng sette Time kommune i oktober 2016 i gang eit prosjekt kalla «alternative arbeidstidsordningar». Prosjektet er organisert med grupper av tilsette og leiarar frå alle verksemndene. Målet er at gruppene skal bidra til å finna alternative arbeidstidsordningar ved å nytta innovasjonsmetoden BLT (behov, løysing og test). Gruppene skal laga arbeidstidsordningar med utgangspunkt i brukaren sitt behov. Prosjektet vert avslutta i 2017.

Digitalisering

Digital samhandling gjennom sikker digital postkasse kom ikkje på plass i 2016, men skal vera installert på alle system i løpet av 2017.

For å realisera gevisten ved digitalisering av kommunikasjon med innbyggjarane er kommunen avhengig av at innbyggjarar tar i bruk dei nye verktøya. Time ser at sjølv etter mange år med tilbod om elektroniske fakturaer, har me fortsatt berre 60 % som bruker tenesta.

Time kommune har som mål å digitalisera kommunikasjon med innbyggjarane og interne arbeidsprosessar. Arbeidet som er sett i gang med å digitalisera på personalområdet vil på sikt letta arbeidet i stabane og tenesteområda. I løpet av 2016 har me fått på plass nye løysingar kor alle data om dei tilsette er samla på ein plass.

Nokre av desse løysingane er innan områda fråværsoppfølging, ferie- og fråværssregistrering og personalmeldingar. Løysingane effektiviserer arbeidsprosessar, fjernar papir og gjev ein sikrare handtering av persondata.

Innkjøp

Fleire rammeavtalar er i 2016 tilrettelagde for elektronisk handel. Det vert arbeida med avtalelojalitet i organisasjonen.

Regelverket for offentlege innkjøp er endra med verknad frå 1. januar 2017 og konsekvensane er innarbeidde i kommunen sine rutinar og retningslinjer for kommunale innkjøp.

Time kommune har merka større konkurranse om kommunale oppdrag i 2016. Dette har vore positivt for kommunen som innkjøpar, men har også skjerpa behovet for gode anbodsprosessar og høg innkjøpskompetanse.

Organisasjonstilpassing

Me driv kontinuering organisasjonstilpassing som er retta mot endringar i tenesteproduksjon, endra behov på kvalitet og kvantitet. I 2016 måtte me tilpassa organisasjonen til lågare etterspørsel etter barnehageplassar, endringar i elevtal i skulen, nytt asylmottak og endringar i enkeltbehov i miljøtenesta.

5 Velferdstenester

5.1 Hovudtal per tenesteområde

Totalt per tenesteområde	Rekneskap 2016	Budsjett m/endringar 2016	Budsjett u/endringar 2016	Rekneskap 2015	Avvik (B-R) 2016
Netto driftsutgifter (i 1000 kr)					
Administrasjon	64 126	66 140	65 998	62 082	2 014
Oppvekst	436 580	439 697	434 322	415 207	3 117
Omsorg	246 451	246 448	244 623	229 046	-3
Samfunn (utan VAR)	182 400	181 053	175 700	168 152	-1 347
Sum netto driftsutgifter	929 557	933 338	920 643	874 487	3 781

Netto mindreforbruk på 3,8 millionar kroner inngår i kommunen sitt årsoverskott. Tenesteområda har i 2016 netto avsett 6 millionar kroner til overskotsfond, både til dekking av fjorårets meirforbruk og avsetning av årets mindreforbruk.

5.2 Oppvekst

5.2.1 Økonomi

Oppvekst (i 1000 kr)	Rekneskap 2016	Budsjett m/endringar 2016	Budsjett u/endringar 2016	Rekneskap 2015	Avvik (B-R) 2016
Administrasjon	4 666	4 370	3 268	3 963	-296
Barnehagar	169 307	167 528	165 595	160 997	-1 779
Undervisning	205 511	206 787	203 988	193 064	1 276
Bryne kompetansesenter	8 241	8 733	9 094	7 317	492
Kulturskule	6 419	6 416	6 466	5 907	-3
Helsestasjon- og skulehelseteneste	12 327	12 327	12 303	11 261	0
Hjelpetiltak barn og unge	775	787	791	788	12
Barnevern	29 334	32 749	32 817	31 910	3 415
Sum Oppvekst	436 580	439 697	434 322	415 207	3 117

Det økonomiske resultatet for oppvekst i 2016 viser 3,1 millionar i mindreforbruk.

Det er registrert eit meirforbruk på barnehageområdet som kjem frå kjøp av plassar i andre kommunar samt utgifter knytt til spesialpedagogisk hjelp til barn med spesielle behov. Mindreforbruket på undervisning skuldast at to av skulane fekk ekstra løyyingar for å dekka meirforbruket skulane hadde i 2015. Ein av skulane hadde eit meirforbruk knytt til SFO grunna oppseiing av plasser underveis og manglande justering av utgiftsnivået. Det har òg vore spart inn noko på skyssutgifter og vakansar i administrative stillingar.

Dei fleste einingane i Oppvekst har gått i balanse eller med eit lite mindreforbruk. Dette viser god leiing og god økonomistyring.

Barneverntenesta skil seg ut med eit mindreforbruk på 3,4 millionar kroner etter avsetningar. Ein viktig grunn er nedgangen i talet på barn som er plasserte utanfor heimen. Kommunen har arbeidd systematisk med å byggja opp kompetanse på å vurdera kva som er rette tiltak og rett nivå for kostnadskrevjande tiltak. Tidleg innsats i barnevernet handlar om å setja i gang gode endringstiltak i familien for å i størst mogleg grad unngå plasseringar utanfor heimen.

5.2.2 Rapportering om tiltak 2016

Tiltak	Merknadar
Oppvekst	
Barnehagar	
Fleksibelt opptak i barnehagane slik at fleire barn utan rett til barnehageplass får plass ved hovudopptaket i 2016	
Alle kommunale barnehagar, og dei ikkje-kommunale som ønskjer det, deltar i prosjekt med fokus på kosthald og fysisk aktivitet	
Redusera talet på pedagogiske leiarar med dispensasjon frå utdanningskravet til under 5 %	Me har redusert talet på årsverk med dispensasjon med 1,6 årsverk men ikkje nådd målsettinga på under 5 %
Leggja til rette for fagarbeidarutdanning for 8 assistentar	
Leggja om tildeling og bruk av ressursar for å styrkja arbeidet for fleirspråklege barn	
Gjennomføra brukarundersøking i alle barnehagane	
Skule	
Utvila arbeidet med å setta i verk tiltak for å redusera spesialundervisninga med bruk av meir tilrettelagt opplæring i tråd med innovasjonsprogrammet på Lye Barneskule	
Innføra Visma Flyt SFO for søknad og registrering av brukarar	
Rekruttera lærarar gjennom Jærskulen	
Utvila deltaking i den nasjonale strategien «Ungdomstrinnet i utvikling», slik at alle ungdomsskulane i Time er med	
Starta opp samarbeid med Bryne vidaregåande skule for å finna grunnar og tiltak som motverkar «drop-out»	
Utforma plan for kompetanseutvikling for fast tilsette lærarar til å vera i tråd med endra krav i opplæringslova	I sluttfasen desember 2016



Tiltak	Merknadar
Leggja til rette for at fleire skular har minst ein lærar med rettleiingskompetanse overfor nyutdanna	
Evaluera og vurdera ytterlegare utviding av lærebrett på skulane	
PPT	
Prioritera førebygging og systemretta arbeid, og gjennom dette få ned ventetida hos PPT til under 2 månadar i løpet av 2016	Ventetida på slutten av året er 5 månadar.
PPT skal gjennomføra systematisk kurs og opplæring i alle barnehagar	
PPT skal gjennomføra systematisk kurs og opplæring i 5 skular	Er gjennomført på 3 skular
Bryne kompetansesenter	
Utvikla eit program for grunnskuleopplæringa med eit heilskapleg løp på 4 år	
Utvikla og tilby kurs i dei grunnleggjande ferdighetene lesing, rekning, skriving og munnleg språk	
Utvikla kurs i samarbeid med næringslivet for basiskompetanse i arbeidslivet	Me har ikkje kome i mål med å etablera kurset.
Utvida tilbodet innanfor særskilt norskopplæring for barn i grunnskulealder frå 4 til 5 dagar per veke	
Kulturskule	
Vidareutvikla prøveprosjektet Talentutviklingsprogram	
Arbeida fram nye fagtilbod i takt med brukarbehov og meir forpliktande samarbeid mellom kulturskule og barnehage/skule/helsektor	
Helsestasjon, skulehelseteneste og familiesenteret	
Gje tilbod om gruppessamlingar på alle barneskulane for barn med to adresser	
Styrka kompetansen hos helseyster for å klara avdekka vold og seksuelle overgrep	
Utarbeida rutinar for å motverka vold og seksuelle overgrep	
Barnevern	
Starta opp felles tiltaksavdeling for Time, Klepp og Hå kommune og omstrukturera organisasjonen i tråd med denne nye eininga	
Byggja opp eit internkontrollsysten med oversikt og kontroll med tenesteleveranse, kostnad, avvik og tiltak	Arbeidet er starta på og vert ferdigstilt i 2017. Det er også eit pågående arbeid i organisasjonen for å sikra god organisering, ansvars og oppgåvefordeling i tenesta.
Utarbeida nye rutinar saman med andre instansar på meldingar knytt til vold og seksuelle overgrep	

5.2.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Oppvekst

Ved starten av året førebudde kommunen seg på å handtera auka mottak og busetting av flyktninger. For Oppvekst gjaldt det særleg innan tenestene ved Bryne kompetansesenter og helsestasjonen. Auken som var tidleg på våren, med følgjande nedgang mot slutten av året, gav desse tenestene store utfordringar med både førebuingar og prioriteringar.

Strategiplan Oppvekst vart vedtatt i kommunestyret i mai 2016. Planen gjev retning og felles mål for arbeidet i einingane dei komande åra. Vekst, utvikling, innovasjon, tidlig innsats, ny teknologi og et fleirkulturelt samfunn er sentrale område i planen.

Jærskulen omfattar kommunane Klepp, Time, Gjesdal og Hå. Samarbeidet vart evaluert etter halv tid hausten 2016. Alle kommunane fatta vedtak om strategien vidare utan vesentlege endringar. Skuleutviklinga i Jærskulen har hovudevaluering i 2018.


Det er lagt ned mykje arbeid for å redusera behovet for spesialundervisning. Viktige tiltak har vore deling av dei erfaringane Lye skule og PPT hadde i eit innovasjonsprosjekt. Kurs, kompetansebygging, alternative måtar å organisera bruken av miljøterapeutar og å nytta ny læringsteknologi har vore effektive tiltak. Talet på elevar med enkeltvedtak er redusert frå 9,2 % i 2015 til 6,7 % i 2016.

Oppvekst har eit sjukefråvær i tråd med målsettinga og gjennomsnittet i kommunen. Det har vore høgt fokus på nærværarsarbeid. Einingar med sjukefråvær over 10 % har fått bistand til analyse og utarbeidning av plan for å redusera fråværet.


Fleire einingar innan Oppvekst søkte på innovasjonsmidlar i 2016. Det vart starta opp større innovasjonsprosjekt retta mot «drop out»/gjennomføringsgrad i vidaregåande skule, rett kompetanse for arbeid med tidlig innsats i barnehage samt bruk av alternativ tolketeneste i barnehage. Prosjekta vert vidareførde inn i 2017.

Etter evaluering av prosjektet «Nettbrett i skulen» vart det hausten 2016 gjort vedtak om å innføra nettbrett til alle elevar i grunnskulen. Nettbrett skal bidra til meir tilpassa læring og høgare kvalitet på undervisninga. Endringa omfattar både lærarar og elevar og det vert lagt ned eit betydeleg utviklingsarbeid for å sikra ny kompetanse til lærarane som må kunna nytta ny teknologi i undervisninga.

Barnehage



Time ligg lågare i netto driftsutgifter per barn 1-5 år samanlikna med dei andre i figuren.



Tabellen syner at Time har litt høgare brutto driftsutgifter per oppholdstime i kommunale barnehagar.

Barnehageområdet har eit samla meirforbruk på 1,8 millionar. Grunnen er først og fremst utgifter til barn som går i barnehage i ein av nabokommunane. I dei kommunale barnehagane er det god økonomistyring og nokre eininger har eit lite mindreforbruk.

Det er brukt 0,45 millionar kroner meir til spesialpedagogiske tiltak i barnehagane. Talet på barnehagebarn med nedsett funksjonsevne auka svakt i 2016. I aldersgruppa 0-5 år fekk om lag 2,3 % spesialpedagogisk hjelp i Time kommune. Dette er under snittet nasjonalt som ligg på 2,9 %.

I 2016 auka talet på familiær med rett på redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid. Det var 82 barn som fekk gratis kjernetid i 2016 og 115 familiær fekk redusert foreldrebetaling. Det er usikkert om auken gjeld at ordninga er betre kjent eller om det reelle behovet er endra. Noko av auken kan også forklaast med at ordninga med gratis kjernetid vart utvida til også å gjelda 3-åringar i låginntektsfamiliær.

Talet på dispensasjoner frå utdanningskravet for pedagogiske leiarstillingar er redusert i talet på årsverk, men målsettinga på under 5 % er ikkje nådd. Åtte barnehagetilsette tek for tida barnehagelærarutdanning. Det er òg lagt til rette for tilsette å ta fagarbeidarutdanning som barne- og ungdomsarbeidar. Fire tilsette tok eksamen i 2016 og ti tilsette vil kunna ta fagbrev neste år.

Det er gjennomført brukarundersøking i alle barnehagane i kommunen. Samla svarprosent var på 58. Resultatet syner at brukarane er godt fornøgde med tilboden. Den enkelte barnehagen skal arbeida vidare med resultat som kom fram for deira eining.


Alle kommunale og private barnehagar har starta opp og deltar i eit folkehelseprosjekt som har fokus på psykisk helse, kosthald og fysisk aktivitet. Prosjektet bruker midlar frå Time kommune og statleg kompetansemidlar. Prosjektet skal avsluttast våren 2018.

Monsanut barnehage, Trollongane barnehage og Lyefjell barnehage hadde per 31.12.16 ikkje lukka avvika som var gjevne ved tilsyn etter «Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skoler m.v.». Avvika gjeld hovudsakleg uteområde, internkontrollsysten og etterklang i fellesrom. Det vert jobba med å lukka desse avvika.


Det er oppretta ei prosjektstilling i 50 % som fleirspråkleg rettleiar. Rettleiaren skal arbeida med systemarbeid i kommunen, gje rettleiing og kompetanseheving til tilsette i private og kommunale barnehagar.

Sjukefråværet i barnehagane har hatt ei positiv utvikling i 2016 med eit snitt på 6,2 %. Barnehagane ligg samla under snittet i kommunen. To barnehagar hadde i starten av året fråvære over 10 % og har hatt oppfølging for å redusera fråværet. Dei nåtte målsettinga i slutten av året.


Undervisning



Time ligg lågare i netto driftsutgifter per elev i forhold til kommunar med same størrelse.



I 2015 var talet på lærartimar til spesialundervisning 19,2 %. Tabellen viser ein reduksjon av dette talet i 2016, og viser at Time kommune ligg litt høgare enn samanliknbare kommunar.



I 2015 fekk 9,4 % av elevane spesialundervisning og tabellen viser ein reduksjon på dette i 2016.

Området undervisning har samla eit mindreforbruk på godt 1,3 millionar kroner. Det har vore god økonomistyring på skulane. To av skulane har eit vesentleg mindreforbruk grunna ekstra løyvingar gjeve for å dekka skulane sitt meirforbruk i 2015. Ein av skulane har eit meirforbruk knytt til SFO grunna oppseiing av plasser underveis og justeringar i økonomisk ressurstildeling.

Kjøp av tenester i andre kommunar som omhandlar refusjonskrav for elevar som får spesialpedagogisk undervisning i privatskular viser eit meirforbruk på to millionar kroner. Dette er ei utfordring sidan desse utgiftene ikkje kan styrast.

Lærartettleiken i ordinær undervisning er lågare i Time enn for fylket, nasjonalt og dei andre Jærskulekommunane. Det er mellom to til tre fleire elevar per lærar i Time enn dei andre Jærskulekommunane.

Talet på elevar som får enkeltvedtak om spesialundervisning har gått frå 9,2 % i 2015 til 6,7 % i 2016. Dette er eit resultat av fleire tiltak i skulane. Det er gjennomført kurs- og kompetanseheving på fleire av skulane etter mal frå innovasjonsprosjektet på Lye skule. Opplæring og bruk av intensivkurs i fleire fag er testa, og er sett i system ved alle skulane. I tillegg prøver fleire skular ut andre tiltak for å gje meir tilpassa opplæring gjennom endra organisering av miljøterapeutar og bruk av læringssteknologi.

Hausten 2016 starta Oppvekst eit innovasjonsprosjekt for å testa ut nye og betre modeller for å gjennomføra norsk språkopplæring. Bakgrunnen for prosjektet var at minoritetsspråklege var overrepresenterte blant elevane som fekk spesialundervisning. Tre skular har vore del av testinga.

Ei viktig målsetting i samarbeidet i Jærskulen er å rekruttera lærarar. Talet på søkerarar har auka for kvart av åra dette har hatt fokus og i 2016 hadde Time 130 søkerarar der 114 var kvalifiserte som til samanlikning var 108 søkerarar der 89 var kvalifiserte i 2015.


Ungdomstrinn i utvikling, den statleg initierte satsinga med målsetting om skulebasert kompetanseutvikling og meir praktisk, variert og relevant opplæring på ungdomsskulane er nå fullført for tre av skulane. Satsinga vert evaluert i februar 2017. Undheim skule er med i den fjerde pulja, som vert avslutta desember 2017.

Time og Klepp kommune samarbeider med Bryne vidaregåande skule for å finna tiltak som kan motverka «drop out». Prosjektet var eit av innovasjonsprosjekta i 2016. Samtalar med elevar avdekka behova «sjå meg», oppfølging av fråvære og «ha forventningar til meg». Det er sett i gang fleire tiltak som vert testa.

Evalueringa av pilotprosjektet med «Nettbrett for læring» viste positive resultat når det gjeld elevane sin motivasjon, meistring, skriftleg produksjon og læring. Rapporten konkluderte med at det var viktig å legga til rette for at alle elevane får nettbrett og kompetanseutvikling for alle lærarane. Tiltaket skal gjennomførast innan 2018.

Sjukefråværet på skulane er i snitt på 5,2 % for 2016, som er ein nedgang frå 5,6 % i 2015. Dette ligg under snittet for kommunen.

Barnevern



Tabellen viser ein nedgang i netto driftsutgifter til barnevern frå 2015 til 2016. Klepp og Sandnes har òg hatt ein nedgang, mens det har vore ein auke for Rogaland og Kostra gruppe 8. I 2015 låg Time 16 % under landssnittet på netto driftsutgifter til barnevern.

Barnevernstenesta har eit økonomisk resultat på 3,4 millionar i mindreforbruk. Her er det fleire faktorar som spelar inn. Ei sentral satsing i barnevernstenesta er å hjelpe barn og deira foreldre på eit tidlegast mogleg tidspunkt og setta i verk gode endringstiltak i heimen. Ei sentral årsak til mindreforbruk i tenesta ligg nettopp i denne satsinga som har ført til reduksjon i talet på barn plasserte utanfor heimen. Ei slik dreining av ressursar kan ikkje gjerast utan at det samtidig er høgt fokus på å sikra at tenesta følgjer dei lovkrava som ligg i lov om barnevernstenester. Kjerneområdet i lova er å sikra barn god omsorg fortrinnsvis i heimen eller med ei plassering utanfor heimen.

Det er noko uvisst om reduksjon i plasseringar utanfor heimen vil halda fram då dette er faktorar som er vanskelege å styra. Refusjonar knytt til sjukefråvær bidreg òg til mindreforbruket.

Det er jobba mykje med analyse av kostnadane, kompetanse på kostnadsdrivarar og nivå på tiltak som vert gjevne i barnevernstenesta. Til dette arbeidet ligg det også sorteringar knytt til tiltak som skal gjevest etter anna lovverk enn barnevernslova.


Tenesta har hatt ei gjennomgang av rutinar for mottak og undersøking av nye bekymringsmeldingar for å sikra gode prosessar. Om lag 20 % av nye meldingar vert lagde bort, og dette ligg på snittet i landet. Barnevernstenesta må likevel halda fokus på dette området og sikra at dei fangar opp saker som må undersøkast vidare.

Det har vært fleire større endringar i tenesta dette året som har vore krevjande for organisasjonen. Felles tiltaksavdeling for Time, Klepp og Hå starta opp i september. Time er vertskommune for samarbeidet. Det er gjort organisatoriske endringar for å sikra god styring og oppgåveløysing.

Mykje av den faglege utviklinga i barnevernstenesta kan gjerast saman med andre kommunar då utfordringane er ganske like. I haust vart barnevernstenesta i Time saman med Klepp del av KS sitt effektiviseringsnettverk for barnevern, «Utvikling av fremtidens barnevern». Dette arbeidet skal ferdigstillaust hausten 2017 med ein tenesteanalyse.

Sjukefråværet i barnevernstenesta har vore høgt i 2016 med eit snitt på 14,2 %. Det vert sett i verk tiltak i eininga som har ført til ein gradvis nedgang hausten 2016.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta



Time har hatt ein liten auke i netto driftsutgifter frå 1 987 kroner i 2015. Kommunen ligg på snittet i Rogaland, men under Kostra gruppe 8.

Tenesta hadde eit mindreforbruk på 0,6 millionar kroner. Dette skuldast i hovudsak ubrukte vikarmidlar som eit resultat av at det har vore vanskeleg å få tak i utdanna helseesystrer.

Fødselstalet i 2016 er høgare enn for 2015. Jordmor har hatt auke i besøkstal samanlikna med dei siste åra. Dette er ei viktig satsing for tidleg å førebyggja ei negativ utvikling.

Tenesta har hatt ei prosjektstilling for helseyster i vidaregåande skule der helseyster er til stades kvar dag. Prosjektet viser at ein større del av ungdommane som oppsøker tilbodet har utfordringar med den psykiske helsa. I tillegg har fleire gutter nytta tilbodet i prosjektperioden.

Familiesenteret har hatt auke i nye saker og det har her vore ein auke i familiesamtalar og samarbeidsmøte.

Sjukefråværet i 2016 er 3,2 %. Tenesta hadde som mål å ha eit fråvære under 4 %.

Kulturskule

Tenesta gjekk i økonomisk balanse i 2016.

Kulturskulen har arrangert eller deltatt på om lag 130 arrangement i løpet av året med rundt 16 000 publikummarar. Årets musical «Heima sjå oss» av og med elevar på 10. trinn var svært vellukka med over 2000 tilskodarar. Danseførestillinga «Løvenes konge» hadde òg stor suksess med to førestillingar i juni i Storstova.

Time utvida talentutviklingsprogrammet «Fredagsskulen» i 2016. Her deltok rundt 30 elevar der nokre av dei var frå Hå og Klepp.

Kulturskulen har delteke i høyningsprosessen for fagplandelen i den nye nasjonale rammeplanen «Mangfold og kvalitet». Planen skal liggja til grunn for utvikling og drift av kulturskulen.

Våren 2016 vart det gjennomført brukarundersøking i kulturskulen. Undersøkinga viser at brukarane er fornøgde med kulturskulen i Time.

Sjukefråværet i 2016 var på 4 %.

Bryne Kompetansesenter (BKS)

Kompetansesenteret sine tenester er i stor grad finansierte med statstilskot og refusjonar frå samarbeidande kommunar. Drifta skal tilpassast inntektene og dette har vore utfordrande i 2016 med stor usikkerheit kring kor mange asylsøkjarar som kom og kor mange som hadde behov for tenester frå BKS. Samtidig med dette kom det og færre arbeidsinnvandrarar som hadde behov for språkopplæring.

BKS har ansvaret for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar frå Klepp og Time kommune. I januar var prognosene minimum 300 deltakarar i vårt område, og ein budsjetterte forsiktig med 220 deltakarar på norsk for vaksne asylsøkjarar. I juni var det rundt 60 deltakarar på norsk for vaksne asylsøkjarar.

Prognosene for talet på barn som treng grunnleggjande norskopplæring var høgare enn kva dei faktiske tala vart. Det var budsjettert med 50-60 elevar, medan det reelle talet var rundt 34.

Grunna lågare aktivitetsnivå enn budsjettert måtte BKS redusera staben med to årsverk ved årets slutt.

Sjukefråværet i 2016 var 1,5 %.

PPT

2016 viser eit økonomisk resultat på 0,44 millionar i mindreforbruk. Dette skuldast vakansar grunna sjukemeldingar.

Målet var å redusera ventetida ved PPT i 2016 til under to månadar, men i staden har ho auka frå 2-3 månadar ved starten av året til fem månadar ved utgangen av året. Auken har direkte samanheng med sjukefråværet som var på 14,9 % for heile 2016 og det har vore vanskeleg å få vikarar.

Det er i løpet av året gjennomført to samlingar kor alle barnehagane i Time kommune var inviterte med tema «strukturert begrepsslæring» og programmet «grep om begreper». To skular har fått innføring i tilrettelegging og gjennomføring av strukturert begrepsslæring ved bruk av «språkverkstedet» og det har vorte halde kurs på éin skule om temaet «psykisk helse».

Talet på tilviste saker frå skulane har vore stabilt frå 2015 til 2016. Blant dei tilviste sakene i 2016 var fleire saker enn tidlegare der skulane ønska rådgjeving og rettleiing i staden for sakkunnig vurdering og spesialundervisning. Dette er i tråd med målsettinga. Kurs om å inkludera elevar med spesielle behov er gjennomførte på fem skular i 2016.

5.2.4 Utfordringar framover

Tidlig innsats, psykisk helse, kompetanse og samarbeid

Strategiplan Oppvekst ligg nå som eit viktig fundament for arbeidet i alle einingane i Oppvekst. Gjennomgåande for denne planen er å halda fokus på tidlig innsats. Dette vil handla om prioriteringar og samarbeid kor ein på eit tidspunkt kan oppdaga og setta i verk hensiktsmessige tiltak. Dette kan eksempelvis handla om å gje tidlig spesialpedagogisk hjelp i barnehage, auka ressursinnsatsen og parallelt jobba for redusert spesialpedagogisk hjelp til eldre barn/ungdom.

Tidlig innsats vil òg handla om å ha kompetanse til å oppdaga behov og deretter finna gode tiltak. Sentralt her ligg det å sikra kvalifisert personell i dei ulike einingane, og å auka pedagogtettleiken i barnehagane vil vera avgjerande. Ein viktig faktor i tidlig innsats er samarbeid mellom ulike fag, einingar og instansar, ikkje minst når det gjeld fritidstilbod til barn og unge. Det same gjeld samarbeid med andre offentlige aktørar samt frivillige lag og organisasjonar.

Satsinga mot mobbing i skule og barnehage er eit eksempel på god brubygging og utnytting av kompetanse på dei to mest sentrale oppvekstarenaene. Å halda fokus på barn og unge si psykiske helse er ei av dei viktigaste oppgåvene til Oppvekst. God psykisk helse gjev grunnlag for at barn og unge kan henta ut potensialet sitt både på skulen og i det sosiale livet.

Digitalisering/ny teknologi

Utviklinga på det teknologiske området går svært fort og det er viktig å sikra god kompetanse hos dei tilsette. Time kommune har som mål å vera leiande i regionen på digital kompetanse hos barn og unge. Slik vil kommunen sikra god utvikling og kvalifisering fram mot vidaregåande skule og arbeidsmarknad.

Vidare vekst og utvikling

Skule- og barnehageområdet legg planar fram i tid for å møta endringar i behovet.

Time har i dag god dekning på barnehageplassar. Her ligg likevel ei utfordring knytt til usikkerheita når det gjeld utbyggingstakta på bustadar. Endringane som har vore på arbeidsmarknaden i regionen får konsekvensar for behovet for barnehageplassar. Barnehagebruksplanen vil verta revidert i 2017.

Skulebruksplanen viser ein vekst i elevtal kor sentrumsområdet har størst press på tilgjengelege plassar. Rosseland skule nyttar nå lokale i Timehallen og kommunen utredar nå om dei skulelokala kommunen overtar frå fylkeskommunen i ein periode skal nyttast av Rosseland skule. Dette vil ha en konsekvensar for plan om bygging av Re skule.

Samarbeid med andre kommunar

Det er i dag samarbeid med andre kommunar på ei rekke område innan oppvekst. Samarbeidet er frå faglig utvikling, som Jærskulen, til samanslåing av tenester. Tenestetilbodet ved Bryne Kompetanse-senter (BKS) er eit samarbeid mellom Time, Hå og Klepp, kor Time kommune har ansvar for drifta. Endringar i talet på asylsøkjarar har dette året bydd på store utfordringar og det vil truleg òg vera ei utfordring i komande år.

Time har oppretta eit vertskommunesamarbeid om felles tiltaksavdeling i barnevernstenesta saman med Hå og Klepp. Time kommune er vertskommune for samarbeidet. Det er bestemt at det òg skal greiast ut om Time og Klepp kommune skal slå saman PPT-tenestene sine.

Samarbeid med andre kommunar gjer det mogleg å styrka kompetanse og å gje meir robuste tenester. Det er samtidig viktig å hugsa på at dette er krevjande samarbeid kor ein må halda fokus på samarbeidsrutinar, økonomi og styringssignal i den enkelte kommune.

Barnevern

Barnevernstenesta har vore gjennom ein periode med større endringar i organisasjonen. Tenesta har hatt eit høgt sjukefråvær som i siste halvår 2016 ser ut til å vera stabilisert. Organisatoriske endringar er gjorde med eit mål om å styrka tenesta. Det er bygd opp rapporteringsrutinar og analysekompetanse der tenesta vil kunna vera i stand til å gjera nødvendige tilpassingar for å overhalda dei lovkrava som er sette.

Barnevernstenesta jobbar mot ei utsatt gruppe barn, unge og foreldre der ein må sikre robuste tenester. Stabilitet i personalet, organisering, leiing, samt gode rutinar og internkontroll er sentrale element som vil bli følgt opp vidare framover.

Organisasjon og leiing

Oppvekst er eit stort tenesteområde med mange leiarar. Me kan visa til gode resultat på økonomistyring og faglige resultat og utvikling. Det vert satsa på utviklingsarbeid der ein tenker nytt, med fokus på innovasjon og bruk av den kompetansen som er bygd i organisasjonen. Leiarane si rolle i dette er sentralt og avgjerande.

Det ligg ei viktig utfordring i å sikra ei god organisering og at leiarane i Oppvekst kan utvikla seg faglig som leiarar. Her må kommunen òg sjå på ulike element som eksempelvis størrelse på einingane, leiaren si erfaring og type eining som vert leia. Gjennom god leiing kan Time sikra god oppfølging av dei tilsette. Dette vil ha stor påverknad på dei resultata einingane har og det tenestetilbodet som vert gjeve til innbyggjarane.

5.3 Omsorg

5.3.1 Økonomi

Omsorg (i 1000 kr)	Rekneskap 2016	Budsjett m/endringar 2016	Budsjett u/endringar 2016	Rekneskap 2015	Avvik (B-R) 2016
Administrasjon	5 018	4 960	4 985	5 140	-58
Institusjonstjenester	84 524	83 447	82 311	80 762	-1 077
Heimetenester	52 906	54 847	54 922	49 280	1 941
Miljøtenester	74 091	71 272	69 049	67 915	-2 819
Rus og psykiatri	17 881	19 145	19 883	16 740	1 264
Aktivitets- og servicetenester	8 535	9 377	10 073	8 722	842
Samhandling	3 496	3 400	3 400	487	-96
Sum Omsorg	246 451	246 448	244 623	229 046	-3

Omsorg er etter framføring av eit meirforbruk på 0,6 millionar kroner i balanse mellom rekneskap og budsjett.

Ressursbruken i omsorg vert utfordra med høgt sjukefråvær og dermed høg leige av vikarar og overtidsbruk. I tillegg er det vanskeleg å kalkulera korrekt på ressurskrevjande tenester då det er mange endringar i tilbodet i løpet av året. Kommunen har i 2016 brutto utgifter til 26 brukarar på 87,4 millionar kroner og Time får 39,6 millionar kroner i refusjonar frå staten.

5.3.2 Rapportering om tiltak 2016

Tiltak	Merknader
Omsorg	
Gjennomføra ernæringsprosjekt i institusjon, heimeteneste og psykisk helse og rusarbeid	
Gjennomføra brukarundersøking innan institusjon og psykisk helse og rusarbeid	
Etablara 10 praksisplassar for vernepleiestudentar	
Implementera elektroniske sjukepleieprosedyrar og helserelatert oppslagsverk	
Etterutdanna helsefagarbeidarar i ernæring og miljøarbeid	
Ta i bruk elektronisk opplæringsverktøy	
Ta i bruk digital vaktbok	Berre installert på Bryneheimen. Dei andre einingane står for tur.
Forsetja arbeidet med alternative arbeidstidsordningar for å auka stillingsstørrelsane og redusera fråværet	Prosjektet «Heiltidskultur og arbeidstidsordningar» er i gang.
Kartleggja brukarane sitt behov for velferdsteknologi (f.eks. GPS og elektroniske hjelpemidlar)	Samarbeidsprosjekt med samfunn. Stemmen burettslag er ferdig kartlagt. Dei andre tenestene står nå for tur.
Styrkja kompetansen og tryggja tilsette som arbeider med brukarar med utfordrande åtferd og kognitiv svikt	Det er gjennomført interne kurs og fleire kurs er planlagde.
Planleggja interkommunalt kompetansesenter saman med Klepp og Gjesdal	Prosessen er i gang, jf. KS 037/15.
Revidera strategiplan Omsorg	Utsett grunna fleire store og tidskrevjande prosjekt.

5.3.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Omsorg

Administrasjon

I 2016 skulle ein ha fokusområda innovasjon, tidleg innsats og velferdsteknologi.

Innovasjon

I 2015 vart det inngått ein intensjonsavtale om Heiltidskultur i kommunane, signert av KS, Delta, Fagforbundet og Norsk Sjukepleiarforbund. Dette gjev oss ei felles plattform i prosjektet «Heiltidskultur og arbeidstidsordningar». Time har eksterne konsulentar som leier prosessen. Målet er å intensivera arbeidet med å redusera deltidsarbeid og utvikla heiltidskultur i pleie- og omsorgssektoren. Time har fokus på brukarmedverknad og ei arbeidstid tilpassa brukarane sine behov. Det er 60 tilsette som deltek i prosjektet. Det er deltakarane som skal finna brukarbehovet og koma med forslag til løysingar som skal testast ut.

Innovasjonsprosjektet i Kolheia bufellesskap «Erfar at aktivitet, natur og relasjon gjør godt» er eit av dei seks hovudprosjekta for innovasjon i 2016. Målsettinga i prosjektet er å nytta naturen og brukar sitt fjern-/närmiljø som arena for terapi og helsefremmande aktivitetar. Resultat viser at brukarane får mindre angst, føler meir meistring, har mindre tankekaos, klarer å reflektera og ønskjer om nye utfordringar. Brukarane i Kolheia har skapt eit unikt fellesskap og ein god relasjon som har gjeve dei kvardagsmeistring.

Omsorg presenterte ernæringsprosjektet på Innovasjonsdagen 2016 i Sola Kulturhus med blant anna stand med smaksprøvar av næringstette smoothies.

Velferdsteknologi

Time har ein Strategiplan for Omsorg «Til stades i eige liv». Der er målet at brukarane skal få bu heime lengst mogleg. Det er stor utvikling innafor velferdsteknologi som gjev fleire alternativ til gode tenestetilbod. Kommunen testar nå ut mobil tryggleiksalarm med GPS på enkeltbrukarar i samarbeid med pårørande. Andre velferdsteknologiske løysingar står for tur, for eksempel medisindispensar og elektronisk nøkkelsystem. Bruken av Mobil omsorg er utvida til fleire einingar enn heimetenesta.

I 2016 starta samarbeidsprosjektet «Innføring av velferdsteknologi i Time kommune» mellom omsorg og samfunn. Prosjektet skal vera innført innan utgangen av 2020.

Time kommune er medlem i Norwegian Smart Care Cluster (NSCC) som er ein nettverksarena mellom kommunar og private aktørar for utvikling av velferdsteknologi. Time deltek òg i velferdsteknologi-nettverket til utviklingsenteret for institusjon og heimtenester i Rogaland (USHT). Kommunen nyttar KS sitt vegkart for velferdsteknologi i opplæringa av leiarar, stab og fagutviklarar.

Tidleg innsats


Det er tilsett ein demenskoordinator i heil stilling som skal ha fokus på tidleg innsats i demensarbeidet. Demenskoordinatoren vil i tett samarbeid med fastlegane kunna imøtekoma krava i Demensplan 2020 om diagnose i rett tid og betre oppfølging etter diagnosen er stilt. Institusjon fekk midlar frå helsedirektoratet til å lønna ein ergoterapeut som skal styrkja den tverrfaglege kompetansen i demensteamet. Som ein del av tidleg innsats ønskjer me tett samarbeid mellom demensteamet og kvardagsrehabilitering. Tidleg innsats for barn og unge innan psykisk helse og rusarbeid vil verta kopla opp mot det arbeidet som har felles brukargruppe i dei andre kommunalområda.

Tidleg innsats

Det er tilsett ein demenskoordinator i heil stilling som skal ha fokus på tidleg innsats i demensarbeidet. Demenskoordinatoren vil i tett samarbeid med fastlegane kunna imøtekoma krava i Demensplan 2020 om å få diagnose i rett tid og betre oppfølging etter diagnosen er stilt. Institusjon fekk midlar frå helsedirektoratet til å lønna ein ergoterapeut som skal styrkja den tverrfaglege kompetansen i demensteamet. Som ein del av tidleg innsats ønskjer me tett samarbeid mellom demensteamet og kvardagsrehabilitering. Tidleg innsats for barn og unge innan psykisk helse og rusarbeid vil verta kopla opp mot det arbeidet som har felles brukargruppe i dei andre kommunalområda.

Felles

Sjukefråveret er høgt, og verksemdsleiarane er tett på og følgjer opp den enkelte tilsette. I samarbeid med HR rådgjevar vert det arbeidd med å gjera verksemdsleiarane trygge i oppfølgingsarbeidet.



Heile KOSTRA-gruppa har ei auke i netto driftsutgifter. Grunnen er nok at kommunane stadig får ansvar for sjukarar brukarar og driv meir avansert behandling.

Det har vore gjennomført elleve internkontrollar i legemiddelhandtering og saksbehandling. I tillegg har det vore to etterkontrollar grunna avvik i legemiddelhandtering og tre i saksbehandling. Det er sett inn tiltak og avvika er lukka.

Kvalitetsteam er gjennomført fire gonger i året etter planen. Tema som vert tekne opp er sjukefråvær, fysisk og psykososialt arbeidsmiljø, internkontroll og legemiddelhandtering.

Kommunen har hatt ti klagesaker. Sju saker er sende til Fylkesmannen, fem saker har Time fått medhald i, og ei sak delvis medhald. Ei sak er fortsatt under behandling hos Fylkesmannen. Kommunen har imøtekome tre klagesaker.

Systemkoordinator for koordinerande eining (KE) vert nå organisert i stab til tenesteleiar miljøtenesta. Koordinerande einig er ei tverrkommunal gruppe som skal fanga opp behov for koordinerande tenester på eit tidleg tidspunkt. KE skal vera eit aktivt forum for tidleg innsats og samarbeid på tvers.

Forvaltningsrevisjon av samhandlingsreforma november 2016 kjem med følgjande tilrådingar til kommunen:

- styrka sjukepleiarkompetansen i heimetenesta
- vurdera å setta i verk lokale tiltak for å hindra unødvendige reinnleggingar
- planleggja meir langsiktige behandlingsløp for utsette pasientar i samarbeid med SUS
- forsøkja å stimulera til at fleire sjukepleiarar ved sjukehuset hospiterer i kommunen

Det er sett i gang tiltak som forvaltningsrevisjonen påpeikar og som skal meldast til kommunestyret våren 2017.

I løpet av 2016 har Time kommune brukt 59 % av liggedøgna ved Jæren Øyeblikkeleg hjelp (JØH) mot 64 % i fjor. I tillegg er Time kommune registrert med ti dagophald ved JØH. Det er brukarar som har kome innom og fått intravenøs antibiotika.

I 2016 var det 26 brukarar som kom under ordninga «ressurskrevjande tenester» mot 25 brukarar i 2015. Omsorg kjøpte i 2016 ein ekstern heildøgnsplass hos Heimta AS på grunn av behov for spesialkompetanse som kommunen ikkje har sjølv.


Det er søkt på om midlar til kompetanseplanen vår frå Fylkesmannens «Kommunalt kompetanse- og innovasjons tilskot». I 2016 fekk Time 1,3 millionar kroner til kompetanse- og innovasjonsarbeid og 2,4 millionar til rusarbeid. Midlane er brukte til stillingar for førebyggjande arbeid og tidleg innsats.

Omsorg har oppretta ernæringsansvarlege i kvar eining. Fagutviklarane har arrangert fire fagdagar for dei ernæringsansvarlege med ulike tema for å auka kompetansen.


Alle lærlingane i omsorg bestod fagprøven i 2016. Time har tilsett åtte nye lærlingar i helsefag.

Heimetenesta og institusjon er med i prosjektgruppa for læringsnettverket til KS som arbeider med saumlaust pasientløp.

Institusjonstenester



Time og Klepp ligg lågare enn gjennomsnittet i fylket når det gjeld innbyggjarar over 80 år som bur på institusjon. Det same gjaldt i 2015.



Alle kommunane i KOSTRA-gruppa har auka. For Time kommune sin del skuldast det først og fremst kjøp av eksterne tenester.

Institusjonstenestene omfattar sjukeheimane Sivdamheimen og Bryneheimen. Sivdamheimen har korttid- og rehabiliteringsavdeling og ei avdeling for demensomsorg. Bryneheimen har langtidsplassar. Institusjonane gjev òg tilbod om rullerande korttids- og avlastningsplassar.

Overforbruket på institusjon skuldast i hovudsak høgt sjukefråvær og ekstra innleie til ressurskrevjande tenester for enkeltbrukarar. Kostbare løysningar har vorte tekne i bruk for å tryggja brukarar og tilsette. Brukarar med komplekse behov og med ei krevjande åtferd fell ofte «mellan to stolar» i samhandlinga mellom 1. og 2. linjetenesta. Dei ekstraordinære situasjonane me har hatt i institusjon har hatt innverknad på sjukefråværet, spesielt korttidsfråværet. Ein ser effekt av sjukefråværssarbeidet på Bryneheimen, der har det vore ein nedgang i langtidssjukefråværet.

Det har vorte gjennomført brukarundersøking, men svarprosenten var for låg til å kunna trekka nokon konklusjon. Me vil sjå om brukarundersøkinga er tilpassa brukargruppa.


Vibå dagsenter for personar med demens, har kjøpt ein turbuss for midlar frå Helsedirektoratet. Dette er ein buss tenkt til å gje denne brukargruppa gode opplevingar i nærmiljøet.

I desember var det opning av «Lindrande senger» på Sivdamheimen. Avdelinga fekk gave frå Rogaland kreftforening på 15 000 kroner til utsmykking og frå Støtteforeininga for kreftpasientar i Sandnes og omegn på 120 000 kroner til inventar.

Kommunen har fått gode tilbakemeldingar på å ha tilsett kreftkoordinator. Tenesta ivaretok både brukarar og pårørande i ein krevjande livssituasjon. Brukarane er alt frå barn til eldre. Kreftkoordinator har òg ein viktig funksjon i rettleatingsarbeidet av tilsette.

Demensteamet har i løpet av 2016 utreda 16 personar. I tråd med Demensplan 2020 får 37 heimebuande personar oppfølging etter diagnostisering.

Heimetenester



Time kommune ligg rundt snittet i Rogaland på utgifter per mottakar av heimetenester.

Tenestene omfattar heimesjukepleie og praktisk bistand, Kvernaland omsorgssenter, bukollektiv, tryggleiksalarmer, støttekontakt, omsorgslønn, utkøyring av mat til heimebuande, dagsentertilbod, BPA (brukarstyrt personleg assistent), velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering.

Kvernaland omsorgssenter har 24 bueiningar, og 11 av desse er i bruk. Etter lang saksbehandlingstid har kommunen fått utbetalt tilskot frå Husbanken for dei bueiningane som er tekne i bruk. I juli vart det tilsett 1,9 årsverk på nattevakta for å imøtekoma brannforskrifta og samtidig tryggja dei som bur der. Det er ikkje venteliste til bukollektivet. Helsestasjon og dagsenter for eldre er godt etablert. Det har vore liten etterspørsel om å få bruka velferdssenteret, som var tenkt bruk av organisasjonar og lag i nærmiljøet.

Heimetenesta, verksemd Vest, er pilot i pasientsikkerheitsprogrammet 24/7 med tiltak og retningslinjer for førebygging og behandling av underernæring i regi av Helsedirektoratet. Pilotperioden starta i oktober. I tillegg er me med i ernæringsnettverket til USHT (utviklingssenteret for institusjon og hjemmetjenester).

I 2016 var det 48 personar som tok i mot tilbodet om kvardagsrehabilitering. Dette var personar som hadde vore innlagt på sjukehus eller rehabiliteringsavdelinga og med akutt endring i funksjonsnivå. Kvardagsrehabiliteringsgruppa har fokus på brukarmedverknad og tidleg innsats for å førebyggja behov for meir omfattande tenester slik at brukarane opplever kvardagsmeistring. Gruppa har i 2016 sett god effekt av å ta enkle kartleggingsbesøk, sjølv om det berre er søkt om hjelphemiddel. Rettleiring i samband med desse besøka har utsett behovet for andre tenester. Tilsette i heimetenesta får kontinuerleg opplæring i «Kvardagsrehabilitering». Målet er at alle tilsette i heimetenesta skal arbeida etter denne metoden.

Rus og psykiatri

Tenesteeininga består av psykisk helse- og rusarbeid på dagtid, samt døgnbemanna bufellesskap (i Kolheia og på Svertingstad) og støttekontakt/treningskontakt.

Det har vore ein auke i både langtids- og korttidssjukefråværet, men det har ikkje vore arbeidsrelatert fråvær. Korttidsfråværet har vorte dekka med å fordela om personalressursar slik at brukarbehova har vorte ivaretakne.

I tråd med Timeplan 2017-2020 er brukarundersøkinga gjennomført. Brukarundersøkinga hadde god svarprosent, 51 av 100. Resultatet visar at ein må setja inn tiltak på to område:

- Kvalitetssikra at informasjon om klagerett/klagetilgang vert gjeve og at brukeran har forstått korleis han/ho skal gå fram for å klaga. Dette skal dokumenterast i fagsystemet.
- Analysera korleis brukarane oppfattar påstanden «*Tjenesten jeg mottar bidrar til at jeg får dekket mitt behov for sosial kontakt med andre (venner, andre bekjente osv.)*».

Det er i 2016 kjøpt omsorgsinstitusjonsplassar til åtte brukarar for nærmare 1 million kroner. Opphaldet har variert frå dagar, veker, månadar og eit års behandling. Enkelte har fått plass på omsorgsinstitusjon som livreddande tiltak eller for å koma seg vekk i frå eit hardt rusmiljø. Behandling i privat regi har òg vorte brukt med godt resultat.

På bakgrunn av «Bustadsosial handlingsplan 2016-2019» vart det nedsett ei tverrkommunal gruppe for å sjå på bustadbehovet til rusavhengige som ikkje greier å skaffa bustad sjølv. Arbeidet held fram i 2017.

Erfaringskonsulent har vore tilsett i eitt år på midlar frå Fylkesmannen. I løpet av dette året ser ein at det rusfrie miljøet har utvikla seg i positiv retning. I tillegg er miljøet vorte rolegare.

Erfaringskonsulenten har etablert møteplass for NA (narcotics anonymous) i Svensenhuset éin gong i veka. Erfaringskonsulenten er hovudkontakt for 13 personar, fem av desse er nå i behandling og er rusfrie. Samtidig driv erfaringskonsulenten med undervisning og føredrag for tilsette, lærlingar og studentar i førebyggjande rusarbeid.

Miljøtenester

Tenesta er for personar med nedsett fysisk og/eller psykisk funksjonsevne og unge med tilknytings- og åferdsvanskar. Tenesta består av nødvendig helsehjelp og opplæring i daglege gjermål, omsorgslønn, støttekontakt og BPA (brukarstyrt personleg assistent) og drift av barnebustadar.

Denne eininga har brukarar med behov for tverrfaglege tenester. I 2016 har me hatt fokus på å byggja opp fagleg kompetanse, spesifikk og generell, for å ivareta den enkelte brukaren sitt behov. Det vart i løpet av 2016 tilsett nye medarbeidarar i stillingane som teneste- og verksemdeleiatarar. Dette har medført at miljøtenesta i periodar har vore utan leiar, og ein har sett inn ekstraordinære tiltak.

Meirforbruket skuldast kjøp av heildøgnplassar til brukarar med behov for ressurskrevjande tenester, som ikkje har vore budsjettert, samt eit høgt sjukefråvær med mykje innleie av vikarar.

Ventelista på varig tilrettelagt arbeid er redusert frå 23 til 11 brukarar.

Etter at kommunestyret vedtok å byggja Stemmen burettslag har det vore eit tett samarbeid mellom pårørande, brukarar og kommunen. Kvar bustad er planlagt og tilrettelagt for den enkelte brukar. Brukarane er kartlagde ut i frå sitt behov for velferdsteknologi. Det er planlagt opning november 2017.

Det er venteliste på å få utvida døgntilbod på Kvernaland avlasting. Dette vil endra seg når Stemmen burettslag er klar til innflytting.

5.3.4 Utfordringar framover

Kommunen går inn i ei tid med omstilling og krav til endring. Det vil koma nye brukargrupper med samansette behov for tenester og forventningar til det offentlege hjelpeapparatet. Samtidig må Time kommune tilpassa drifta til reduserte rammer.

Rekruttering

Å rekruttera og behalda relevant fagkompetanse for imøtekoma brukarane sine behov er eit satsingsområde. Kompetanseplanane i dei ulike einingane gjev ei retning på kva me skal satsa på. Me må byggja opp gode og trygge fagmiljø med mest mogleg heiltidsstillingar.

Kompetanse

Time kommune er ei lærebedrift som legg til rette for studentar, lærlingar og språkpraksis. Kommunen skal vera open for nye område der ein må styrkja kompetansen for å møta utfordringar og ivareta ei kvalitativ god drift. I dette arbeidet vil me bruka støtteordningar frå KS, Fylkesmannen og Helsedirektoratet.

Der det er behov for ein meir spesialisert kompetanse for å gje brukarane tilpassa tenester, er Time i dialog med nabokommunar for å få til eit interkommunalt samarbeid.

Leiarutvikling er både eit kommunalt og nasjonalt satsingsområde.

Heiltidskultur og arbeidstidsordningar

Prosjektet «Heiltidskultur og arbeidstidsordningar» vil få fram arbeidstidsordningar som er meir brukarfokusert med behov for færre deltidsstillingar. Større faste stillingar er attraktive i rekrutteringa av fagkompetanse.

Velferdsteknologi

Velferdsteknologien må verta integrert i heile tenestetilbodet. Det krev god informasjon ut til innbyggjarane om tilbod som finst for å meistra kvardagen utan offentlege tenester.

Kvardagsrehabilitering

Kommunen ser at ein med fordel kan gje fleire personar tilbod om kvardagsrehabilitering, både for å gje brukarane betre livskvalitet og kvardagsmeistring, men òg for å førebygga behovet for meir omfattande og meir kostbare tenester. I 2017 vil det verta lagt til rette for eit nærmare samarbeid mellom kvardagsrehabilitering og Frivilligsentralen. Tenesta er i dag organisert dels i Samfunn og dels i Omsorg. Det kan vera hensiktmessig å evaluera denne organiseringa.

Fleirkulturelt samfunn

Samfunnet vert meir fleirkulturelt. Det vil prega både brukarperspektivet og tenesteleveransen. Me ønskjer oss ei omsorgsteneste som er prega av å vera raus og inkluderande. Me vil arbeida for haldningars og kunnskap om fleirkulturell bakgrunn som vil gjera samfunnet vårt rikare.

5.4 Samfunn

5.4.1 Økonomi

Samfunn (i 1000 kr)	Rekneskap 2016	Budsjett m/endringar 2016	Budsjett u/endringar 2016	Rekneskap 2015	Avvik (B-R) 2016
Administrasjon	2 708	2 752	2 771	2 532	44
Næring	-	-	-	-	-
Plan og forvaltning	4 374	4 421	4 440	4 745	47
Landbruk, miljø og kulturvern	5 245	5 253	5 232	5 302	8
Vegar	11 348	11 440	10 019	9 178	92
Helse og rehabilitering	30 355	30 430	30 001	28 558	75
Fritid	14 429	14 428	14 448	11 596	-1
Fleirkulturelle tenester	10 652	11 207	10 561	9 423	555
NAV Time - sosialtenester	31 656	29 158	28 159	27 813	-2 498
Grøntanlegg	8 813	9 023	9 081	8 574	210
Brannvern	5 781	5 758	5 758	5 516	-23
Vatn, avløp og renovasjon	-	9	-	-1	9
Kultur	1 375	2 411	2 472	1 350	1 036
Eigedomsforvaltning	49 937	49 014	47 003	47 947	-923
Bibliotek	5 727	5 758	5 755	5 618	31
Sum Samfunn	182 400	181 062	175 700	168 151	-1 338

Tenesteområdet har samla meirutgifter på 1,3 millionar kroner i 2016. Dette etter at 1,36 millionar kroner i meirforbruk innan Eigedomsforvaltning (1,2 millionar kroner) og Fritid (160 000 kroner) er framført underskot til 2017.

Det er særleg NAV Time, sosialtenester, og Eigedomsforvaltning som har hatt økonomiske utfordringar i 2016. Årsakene til dette er omtalte under kap. 5.4.3. Driftsbudsjettet i 2017 har tatt høgde for auke i sosialhjelpsutgifter, men berre i liten grad tatt høgde for avvika innan Eigedomsforvaltning. Ein usikker arbeidsmarknad framover kan fortsatt medføra utfordringar innan sosialtenestene.

Sjølvkosttenestene vatn, avløp og renovasjon viser ikkje sluttresultatet for 2016. Vatn og avløp fekk samla mindreutgifter på 3,2 millionar kroner. Ved utgangen av året er då sjølvkostfondet for vatn på 3,6 millionar kroner og for avløp 4,8 millionar kroner.

Renovasjonstenesta hadde meirutgifter på 368 000 kroner i 2016. Dette medfører at renovasjonstenesta har eit samla negativt sjølvkostfond på 1,1 millionar kroner ved utgangen av året. Det er i driftsbudsjettet for 2017 tatt høgde for å ta inn mesteparten av dette dei neste to åra.

5.4.2 Rapportering om tiltak 2016

Tiltak	Merknader
Samfunn	
Beredskap, folkehelse, plan og landbruk	
Revidera overordna Risiko- og sårbarheitsanalyse	
Etablera eit system for oversikt over helsetilstanden i kommunen	
Etablera «Friluftsliv for alle» som eit fast tilbod i samarbeid med frivillige organisasjonar, nabokommunar og Jæren Friluftsråd	
Arbeida for å etablera meir samanhengande turstinet	
Gjennomføra «Oljefri Rogaland» ved å fjerna flest mogleg nedgravne oljetankar	
Følgja opp konkrete område- og detaljreguleringsplanar i tråd med planstrategien	
Ferdigstilla Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2025 med handlingsprogram	
Starta arbeidet med revisjon av arealdelen av kommuneplanen	
Samferdsel, vann, avløp og renovasjon	
Gjennomføra prioriterte tiltak i trafikktryggleiksplansen, og oppnå status som «Trafikksikker kommune»	
Laga ny skiltplan og setja i verk vedtatt parkeringsstrategi for parkering i Bryne sentrum	
Utarbeida plan for sanering av leikeplassar på Lye	
Skifta ut halogenarmatur med kvikksølv i gatelys med nye LED-armatur	Delvis påbegynt. Lyse AS gjennomfører anbud
Gjennomføra pliktig kontroll av kommunale bruer	
Systematisera og digitalisera drift av overvass-veg- og grøntanlegg	Registrering og kartfesting pågår. Vil danna grunnlag for digitalisering av vedlikehald og dokumentasjon.
Revidera «Forskrift av 01.03.09 om vass- og avløpsavgifter i Time kommune»	
Følgja opp kravet om installasjon av tilbakestrøymingsvern og vassmålar	Vert følgt opp fortløpende. Resultat er omtalt i kap. 5.4.3
Gjennomføra førebyggjande tiltak for overvasshandtering i utsette område på Bryne	Rosselandsområdet er prioritert, og det er i 2016 skifta ut 50–60 felleskummar av om lag 80 registrerte
Utvila avløpsnettet til område med spreidd busetnad der kost/nytte- og miljøeffekten er god	Line-Hognestad er under arbeid. Andre prioriterte område framover går fram av godkjent tiltaksplan for vass-, avløps- og renovasjonstenestene godkjent av Lokal utvikling i januar 2017
Etablara oversikt over olje- og feittavskiljarar, og utarbeida rutinar for saksbehandling og tilsyn	Arbeidet vart starta opp i 2016 og vil pågå utover i 2017
Vurdera innføring av innsamlingsordning for grovavfall	
Innføra renovasjons-app	Nødvendig løvning kom på plass hausten 2016. Arbeider med innføringa utover i 2017

Tiltak	Merknader
Helse- og sosialteneste	
Oppretta ein ny fastlegestilling	
Styrka legetenesta ved helsestasjonen med 0,2 årsverk	
Redusera ventetida til ergoterapitenesta ned til 3 månader	Ventetida ved utgangen av 2016 varierer frå 0–7 månadar, men det er langt færre brukarar på venteliste ved utgangen av året enn i fjar, jf. kap. 10.3.5
Samarbeida med NAV Klepp om prosjektet «Jobbsjansen» for å få fleire innvandrarar og flyktningar i arbeid	
Gje innvandrarar og flyktningar tettare oppfølging i prosessen med å søkja arbeid og tilby betre tilrettelagde kurs for målgruppa	Det vert arbeidd kontinuerleg med dette, men m.a. arbeidsmarknaden nå medfører at det er store utfordringar med å skaffa arbeid
Sørgja for at færre enn i 2015 mottar sosialhjelp som hovudinntektskjelde	Både talet på mottakarar av økonomisk sosialhjelp og gjennomsnittleg lengde på mottak har auka i 2016
Fritid og kultur	
Tilby eit breitt og rikhaldig aktivitetstilbod i nytt ungdomskultursenter i Bryne mølle	
Rullera kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet	
Setja opp informasjonsskilt over kulturminneområde som er regulert verna	Vil verta tema i møte med Kulturminnenemnda i februar 2017
Overta driftsansvaret for Time frivilligsentral frå IOGT	
Utarbeida ein strategi for samhandling mellom frivillig sektor og kommunen	Dette er foreløpig ikkje påbegynt, men vil verta gjennomført i samband med revisjon av kulturplanen i 2017
Busetja flyktningar i samsvar med politisk vedtak for perioden 2016-2018	
Avklara kino- og kulturhustilbodet	
Eigedom	
Optimalisera varmeanlegg i kommunale bygg	
Gjennomføra nødvendige brannsikrings-tiltak etter tilsyn i kommunale bygg	

5.4.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Samfunn

Dei allmenne tryggleikstenestene legehjelp, formidling av hjelpemiddel, økonomisk sosialhjelp, vatn, avløp, renovasjon, brann- og miljøvern fungerer stort sett godt. Det økonomiske årsresultatet for sosialtenesta i år medførte betydelege meirutgifter.

Kommunedelplanen for Bryne sentrum (sentrumsplanen) vart godkjent hausten 2016. Planen er eit godt utgangspunkt for å utvikla Bryne vidare som byen på Jæren.

Arbeid med konkrete tiltak for å løysa dei omfattande overvassutfordingane som er kartlagde i Bryne, er starta opp i 2016. Mellom 50–60 felleskummar på Rosseland er separerte i år. Arbeidet vil halda fram utover i 2017.

Time har fortsatt for lang ventetid til ergoterapiteneste, og auken i økonomisk sosialhjelp er urovekkande. Kommunen må ha særleg fokus på tiltak for arbeidslause ungdommar i aldersgruppa 16–29 år framover.

Kommunen har eit høgt aktivitetsnivå innan bygge- og anleggsarbeid. Det gjeld både planlegging og oppføring av nye bygg og anlegg. Eigedomsforvaltning har hatt meirutgifter på drift og ein må vurdera tenestenivået opp mot avsette ressursar.

Det har vore eit år med mange besökjande i Time bibliotek, Storstova og Bryne mølle.

Samla sjukefråvær i tenesteområdet var 7,1 % i 2016 mot 6,4 % i 2015.



Folkehelse og beredskap

Folkehelseprofil for Time kommune 2014-2016 gjev oversikt over status for folkehelsa i kommunen og peikar på utfordringar og strategiar for å nå lokale mål i folkehelsearbeidet. Det er etablert system for jamleg å ha oversikt over dei viktigaste folkehelseutfordringane til kommunen.

Kommunen har revidert heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS). Det er laga ein handlingsplan som skal følgjast opp i ulike fagplanar, i organisasjonen og i økonomiplanen.

Plan og forvaltning

Planaktiviteten i 2016 har vore noko lågare (11 godkjente regulerings- og områdeplanar) enn i 2015 då aktiviteten var uvanleg høg (14 godkjente planar). Byggjeaktiviteten har stagnert noko, med 396 bygge- og delesaker mot 438 i 2015. Det skuldast i hovudsak lågare byggeaktivitet grunna den økonomiske situasjonen i regionen. Time er i følge Kommunebarometeret blant dei beste kommunane i landet på å halda byggesaksfristane. Arbeidet med å revidera arealdelen av kommuneplanen starta opp på slutten av året.

Plan og forvaltning hadde noko lågare aktivitet i 2016 og fekk eit underskot på 334 000 kroner for plansaker og for byggjesaker 437 000 kroner. Oppmålingstenesta hadde eit positivt resultat på 566 000 kroner som er sett av til sjølvkostfond.

Landbruk, miljø- og kulturvern

2016 var eit år med høg aktivitet i timelandbruket og stor byggjeaktivitet. Kommunen har registrert ti søknadar til Innovasjon Norge om større nybygg og ombyggingar for lausdriftsfjøs og ammekyrjfjøs. Det er og kome mange søknadar om midlar til mellom anna drenering, miljø-, kultur- og friluftslivstiltak.

I samband med ny kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er friluftsområda kartfesta. Det har òg vore arbeidd med sikring av turstiar i Urådalen landskapsvernområde, skjøtselsplan for Søra Frøylandsvatnet, forvaltningsplan for friluftsområdet ved Stemmen på Kvernaland og ferdigstilling av turskiltprosjektet.

I tilknyting til arbeidet med tiltaksplanen for Håvassdraget, har det vore gjennomført fleire vassdragsundersøkingar.

I samband med Fylkesmannen sitt auka fokus på avvik har tenesteeininga i 2016 prioritert oppfølging av avvik og ulovleg bruk av jordbruksjord og forureining i landbruksområda.

Udstillingane på Fotland Mølle og kulturhusa har hatt eit normalt besøksår.

Samferdsel, vatn, avløp og renovasjon

Vegar

Standarden og vedlikehaldet på kommunale vegar må ha merksemd i åra framover. Det er gjennomført lapping og reasfaltering for om lag 3,6 millionar kroner i 2016. Tenesta som omfattar vegar, gatelys og parkering hadde eit mindreforbruk på 92 000 kroner i 2016.

Kommunalteknikk har i 2016 kome i gang med å systematisk tømme vegslukar, terrengslukar, bekkeinntak og fordrøyningsanlegg, for å unngå overvass-skadar på tredjepart sin eigedom.

Grøntanlegg

Tenesta omfattar park, utandørs idrettsanlegg, leikeplassar og kyrkjegardsdrift. Området hadde eit mindreforbruk på 210 000 kroner i 2016.

Talet på leikeplassar og friområde aukar fremdeles og det er krevjande å møta stadig høgare krav frå publikum, både i forhold til standard og skjøtsel. I 2016 har kommunen gått over til å nytta varmt vatn i staden for sprøytemiddel i skular, barnehagar og sentrale sentrumsområde. Metoden er noko meir tidkrevjevande.

Det er laga ein plan for sanering og rehabilitering av leikeplassar på Lye, og kommunen har sett i gang arbeidet med ein tilsvarande plan for Bryne. Arbeida med Kaizersplassen, delt område (Shared space) i Reevegen, ny gravplass ved Time kyrkje og rehabilitering av parken i Møllel dammen tok til mot slutten av 2016.

Vatn, avløp og renovasjon

Det er over fleire år gjennomført ei omfattande hydraulisk undersøking av overvass-systemet på Bryne. Undersøkinga har vore grunnlaget for kartlegginga av moglege tiltak som skal løysa overvassutfordingane. Tiltak vart sett i gang i 2016 og vil fortsetja fleire år framover.

Ny hovudplan for vatn og avløp 2016-2026, og to lokale forskrifter er utarbeidde og godkjende i år.

Ved årsskiftet har om lag 67 % av vassabonnentane installert vassmålar og om lag 44 % har installert tilbakeslagssikring. Alle installasjonar er venta ferdige innan utgangen av 2017. Vassforbruket har i 2016 gått opp med 3,8 % i forhold til 2015. Samtidig er mengda reinsa avløpsvatn gått ned med 25,3 % frå 2015.


Afvallsstatistikken for 2016, som inkluderer både innsamla hushaldsavfall og avlevert avfall på ‘gjenvinningsstasjonane, viser at Time kommune har ein sorteringsgrad på 68,8 % jamfør tabell 10.3.13. Både mengda av våtorganisk avfall, glas- og metallemballasje og innsamla plasteballasje har auka frå 2015. Mengda papir og papp frå Time er stabil, men med ein liten reduksjon. Restavfallsmengda er redusert med 120 tonn. Det er samla inn 60 tonn avfall i den nye henteordninga for grovavfall.

Helse- og sosialteneste

Helse og rehabilitering

Time kommune har interkommunalt samarbeid med Klepp om ettermiddag- og kveldslegevakt og med Sandnes om nattlegevakt. Det er oppretta ein ny fastlegeheimel i 2016 og kommunen har god dekning av fastleggar. Ein ny heimel for privat fysioterapi er oppretta i 2016 og han er etablert på Kvernaland.

Framtidig dimensjon på lege-, fysio- og ergoterapitenestene har i stor grad samanheng med folketilveksten.



Netto driftsutgifter til helsetenester per innbyggjar har auka med 143 kr frå 2015. Det er noko mindre enn for snittet i Rogaland, men litt høgare enn for snittet i KOSTRA gruppe 8.

Tidleg innsats og førebygging har sterkt fokus i eininga. Fysio- og ergoterapitenester til barn samarbeider tett med Oppvekst om førebyggjande tiltak spesielt for førskulebarn.


Frisklivsentralen er eit tilbod til personar over 18 år og aktivitetene deira går fram av tabell 10.3.6. Frisklivsentralen har faste tilbod med treningsgrupper og kurs i kosthald. I 2016 starta dei opp med søvnkurs og har hatt god deltaking på kursa. Kurs i røyke-/snusslutt er avvikla grunna lav deltaking. Det er i staden oppretta eit samarbeid med Frisklivsentralen i Sandnes, kor innbyggjarar frå Time kan få delta på deira kurs i røyke-/snusslutt.

Kvardagsrehabilitering rettar tilboden mot heimebuande eldre. Formålet er at eldre skal bu heime lengst mogleg og klara seg med minst mogleg hjelp. Heimetenestene i Omsorg og fysio- ergoterapitenestene samarbeider om tilboden. I regi av KS har tilsette i heimetenesta og fysio- og ergoterapitenestene vore med i eit Effektiviseringsnettverk om Kvardagsrehabilitering, med fem samlingar som vart avslutta i 2016.


NAV Time – sosialtenester

Talet på mottakarar av økonomisk sosialhjelp inkludert kvalifiseringsstønad har auka frå 470 i 2015 til 493 i 2016. Samla sett er det i 2016 utbetalt om lag 3 millionar kroner meir i økonomisk sosialhjelp enn i 2015. Kommunen har mottatt fleire flyktningar i 2016 og av auken i utbetalingar frå 2015 til 2016 utgjer utbetalingar til flyktningar om lag 1,7 millionar kroner.

Talet på mottakarar har ikkje auka særleg, men talet på utbetalingar av støtte til livsopphald, husleige/bustønad og nødhjelp har auka betydeleg. Gjennomsnittleg lengde på mottak av økonomisk sosialhjelp for kvar klient med økonomisk sosialhjelp som hovudinntekt har auka frå 5,6 månader i 2015 til 5,9 månader i 2016. Gjennomsnittleg stønadsbeløp for kvar klient har auka frå 8962 kroner per månad i 2015 til 9486 kroner i 2016.



Prosentdelen innbyggjarar 20-66 år som får sosialhjelp har auka med 0,3% frå 2015. Det er noko lågare auke enn i Klepp og Sandnes, men særleg Klepp ligg fortsatt betydeleg under Time. Snittet for landet viser ein auke på 0,1% frå 2015.



Frå 2015 til 2016 har det vore ein vekst per innbyggjar 20-60 år på 338 kr i netto driftsutgifter. Det er betydeleg lågare auke enn i Klepp (679 kr) sjølv om Klepp fortsatt ligg noko under Time. Snittet i Rogaland har auka med 387 kr og i landet med 307 kr.

Kvalifiseringsprogrammet er godt innarbeidd. Det er oppretta eit ungdomsteam, og fleire unge mottakarar av økonomisk sosialhjelp vert hjelpte over i aktivitetsskapande verksemد og arbeid.

Fritid og kultur

Fritid

Ungdomshuset Møllekjellaren opna siste helga i februar og har hatt svært godt besøk, med om lag 11 000 besøkjande på ti månadar. Til samanlikning er dette ni gongar så mange besøkjande som det var på Midtpunktet i heile 2015. Møllekjellaren har starta opp ein «juniorklubb» ein kveld i veka for elevar på 5.– 8. trinnet saman med elevar frå Bryne kompetansesenter. Tilbodet samlar over 100 ungdommar kvar gong.

Deltakinga i Mekkeverkstaden på Lye svingar noko frå år til år. Tilbodet vert nytta av mellom 20–30 ungdommar og har ope 2 kveldar i veka à 4 timer.

Velferdssenteret har registrert betydeleg auka besøkstal i 2016. Dette har samanheng med at alle aktivitetstiltak som vert arrangerte på kveldstid av private lag og foreiningar frå og med 2016 inngår i samla besøkstal.

I samarbeid med Bryne skule og Bryne kompetansesenter har Fritid starta opp innovasjonsprosjektet «Aktiv i fritida». Målet er å få fleire unge med innvandrarbakgrunn med på fritidsaktivitetar som eksempelvis «juniorklubb» i Møllekjellaren.

Bibliotek

Besøket til Time bibliotek viser ein auke på 20 % frå året før. Mest 108 000 besøkte biblioteket i 2016 medrekna besøkjande til Garborgsenteret, kaféen Garborgstova og utleigde møtelokale. Utlånet av bøker auka med 4,6 %, mens aktive lånarar heldt seg stabilt med ein liten auke frå 4045 i 2015 til 4090 lånarar i 2016.

Tilboda av arrangement for alle aldersgrupper held seg på eit stabilt høgt nivå. Nytt av 2016 er ei styrking av biblioteket som integreringsarena. Time har utvida tilboda med sjakktreff og yogatimar kvar veke. Desse arrangementa vert drivne av flyktingar. I tillegg har biblioteket sett av resursar til ei open samtalegruppe kalla «Drøsen», ein fleirkulturell møteplass kor gamle og nye timebuarar møtes for språktrening, diskusjon om samfunnsspørsmål og sosialt samvær.

Hausten 2016 starta biblioteket eit ti vekes datakurs basert på det statlege prosjektet DigiDel for innbyggjarar med ingen eller liten digital kompetanse. Dette er i samarbeid med Frivilligsentralen. Biblioteket har også sett av ressursar til at innbyggjarar med særlege behov kan bestilla personleg time for datahjelp ein gong i veka.

I 2016 fekk Time bibliotek tilskot frå Rogaland fylkeskommune til eit samarbeidsprosjekt med grunnskulane i kommunen om informasjonskompetanse og kjeldekritikk. Det resulterte i to ulike prosjekt: eitt med elvar frå Rosseland skule, 7. trinn (Reiselivsmesse) og eitt prosjekt med Frøyland ungdomsskule, 9. trinn (Slektsgransking). Biblioteket har fått økonomiske midlar frå fylket for å gjennomføra liknande prosjekt også i 2017, då med andre klassetrinn.

Biblioteket held fram med å digitalisera fotosamlinga som er planlagt ferdigstilt innan utgangen av 2018.

Dei årlege Garborgdagane vart avvikla i januar med foredrag som trekte variert oppslutning av publikum.

Kulturhus

Det regionale kulturhuset Storstova og Bryne mølle hadde i 2016 eit samla besøk på om lag 71 500 inkludert kino. Bryne kino hadde besøksrekord med 59 491 besskjande. Dette er 6597 fleire enn i 2015, og ny «årsrekord». Det har vore ein liten nedgang i besøket på kulturhusdelen. Noko av dette kan skuldast tilgangen på passande kulturarrangement for huset og nedgangstider for utleige til eventarrangement.

Livsgledefestivalen vart arrangert i mars. Fleire lokale aktørar var med på arrangørsida dette året og festivalen får kvart år fleire arrangement og større besøk.

Andreas Bøe-jubileet vart markert i november med jubileumsutstillingar og foredragskveld i samarbeid med Bryne kunstforeining, Folkeakademiet i Time og familien Bøe.

Flyktningtenesta

I 2016 har Time busett 45 personar av ein kvote på 120 i perioden 2016-2018. Av desse var 16 barn og 13 kvoteflyktningar via FN. I tillegg kom det åtte personar på familiesameining.

Kommune hadde planar om å busetja 15 einslege mindreårige flyktningar i 2016. Målgruppa var barn mellom 15 og 18 år. Planane vart avlyste då Utlendingsdirektoratet (UDI) meldte frå om at behovet ikkje lenger var til stades.

I løpet av året har totalt 64 flyktningar delteke i introduksjonsprogrammet. Programmet fekk i alt 33 nye deltakrar i løpet av året, medan 15 personar gjekk ut av ordninga.

I september 2016 vart det oppretta ny flyktningteneste med eigen tenesteleiar. Arbeidet låg tidlegare i stab Samfunn med kommunalsjefen som nærmaste leiar.


Stiftinga SANA starta desentralisert asylmottak i mars 2016. Time asylmottak har kapasitet til å ta imot inntil 150 asylsøkjarar. Det vart oppretta eit eige helsetilbod for asylsøkjarar saman med Klepp kommune i lokala til Klepp legevakt.

Den internasjonale kvinnegruppa Femira har i snitt hatt 24 besøkjande på samlingane sine.


Eigedomsforvaltning

Tenesteeininga har meirutgifter på om lag 2,1 millionar kroner. Det er fleire grunnar til dette; Meirkostnad på kring 300 000 kroner grunna ny praksis for mva-refusjon på kommunale utleiebustadar, rekneskapsført meirforbruk frå 2014 på 330 000 kroner i 1. tertial, 1,2 millionar kroner i meirforbruk på vedlikehald av kommunale bustadar i forbindelse med målarhjelp i sommarhalvåret, etterslep på vedlikehald og utbetring av el-anlegg.


Etterslepet av energikostnadene, reduserte husleigeinntekter på kommunale bustadar som har stått ledig og andre uføresette kostnadene har gjeve eit meirforbruk på 900 000 kroner i 2016.




Kostander til administrasjonslokale har auka med 18,7 kr per innbyggjar frå 2015. Time ligg fortsatt godt under Klepp og snittet for Rogaland og KOSTRA gruppe 8.



Samla driftskostnader for barnehagelokale per barn i kommunale barnehagar har auka med 200 kr frå 2015. Det er betydeleg lågare enn i Klepp (1 500 kr) sjølv om Klepp fortsatt har noko lågare kostnader enn Time. Snittet i Rogaland og KOSTRA gruppe 8 har auka med høvesvis 6 000 kr og 1 800 kr frå 2015.



Driftskostnadene inkludert avskrivingskostnadene for skulelokale per elev er den same som i 2015, men er fortsatt høgare enn dei me samanliknar oss med. Klepp hadde til dømes ein auke på 1 000 kr frå 2015.



Samla driftskostnader for institusjonslokale per brukar er redusert med 6 400 kr fra 2015. Time nærmar seg snittet for Rogaland som hadde ein auke på 18 900 kr fra 2015.

5.4.4 Utfordringar framover

Den usikre situasjonen på arbeidsmarknaden vil utfordra NAV Time òg i 2017. Redusert byggje- og anleggsverksemde vil mest truleg òg gje reduksjon innan privat plan- og byggjesaksforvaltning.

Arbeidet med revidert arealdel av kommuneplanen er starta og vil ta mykje tid i 2017–2018. I tillegg gjev godkjend planstrategi 2015–2019 nye planutfordringar framover med mellom anna fleire større områdeplanar på Bryne.

Oppgradering av Bryne sentrum vil halda fram i heile 2017 frå og med Kaizersplassen, via Reevegen, langs Mølledammen og fram til Bryne torg.

Siste del av kloakkeringa langs strekninga Line-Hognestad, inkludert ny gang- og sykkelveg, skal fullførast i 2017. I tillegg skal arbeidet med gjennomføring av prioriterte overvasstiltak i Rosselandsområdet på Bryne vidareførast. Nyleg godkjent tiltaksplan for vass-, avløps- og renovasjonstenestene medfører og utfordrande anleggsarbeid i åra framover.

Ny akuttmedisinforskrift tilseier at me i 2017 må vurdera styrking av legevakttenesta vår saman med nabokommunane våre.

Auka mottak av flyktningar med tillegg av asylmottak i regi av private, vil medføra auka innsats og ressursar for å kunna handterast på best mogleg vis.

Aktivitetsplikt for mottakarar av økonomisk sosialhjelp skal innførast i 2017. I tillegg må arbeidet med å få flyktningar ut i språkpraksis, arbeidstrening og arbeid få auka merksemد.

Innan kulturverksemda reknar kommunen med å få avklaring på om avtalen som gjeld framtidig kino i Bryne Torgsenter vert endeleg undertekna av byggeigar tidleg i 2017. Dette vil gje eit moderne kinotilbod på Jæren og vera eit viktig byutviklingsgrep i Bryne. Kommunen må deretter planlegga for eit godt kulturtilbod i Storstova.

Frå hausten 2017 overtek kommunen Time vidaregåande skule. Framtidig bruk av bygg og området i sin heilskap må planleggjast både på kort og lengre sikt i løpet av 2017–2018. I tråd med godkjent skulebruksplan skal utvida Bryne ungdomskule og Frøyland skule takast i bruk hausten 2017. I tillegg er det sett i gang arbeid med områdeplan for Bryne nord der ny felles ungdomsskule med Klepp skal planleggjast og byggjast innan 2020. Nye omsorgsbustadar på Kvernaland, Stemmen burettslag, skal ferdigstillast siste halvår 2017.

5.5 Administrasjon

5.5.1 Økonomi

Administrasjon (i 1000 kr)	Rekneskap 2016	Budsjett m/endringer 2016	Budsjett u/endringer 2016	Rekneskap 2015	Avvik (B-R) 2016
Politiske organ	7 189	7 448	7 376	7 692	259
Stabstjenester	41 632	43 192	43 230	40 489	1 560
Jæren kemnerkontor	1 699	1 865	1 984	1 609	166
Kyrkjå	8 543	8 443	8 443	7 832	-100
Diverse fellesutgifter	2 635	2 909	2 796	2 209	274
Nærings	2 468	2 283	2 169	2 251	-185
Sum administrasjon	64 166	66 140	65 998	62 082	1 974

Administrasjonen hadde eit mindreforbruk på to millionar kroner i 2016. Desse midlane inngår i kommunen sitt samla årsoverskot.


Mindreforbruket skuldast vakante stillingar, refusjon sjukepengar og auka gebyrinntekter.

5.5.2 Rapportering om tiltak 2016

Tiltak	Merknader	
Administrasjon		
Etablara gode rutinar og implementera ny help-desk for IKT	Green	
Meir effektiv bruk av intranett som informasjonskanal og arbeidsverktøy	Yellow	Innovasjonsprosjekt om internkommunikasjon er i gang.
Styrkja avtaleoppfølging av leverandørar	Yellow	Arbeidet er i gang.
Etablara rutinar for bruk av kvalitetssystemet som leiingsverktøy	Green	
Kemnerkontoret etablerer ny nettside	Green	
Fortsetja med innføringa av fullelektronisk arkiv for alle fagsystema i kommunen	Yellow	Arbeidet er i gang.
Greia ut og halda folkerøysting om kommunenesamanslåing	Green	
Gjennomføra brukarundersøking om innhald og organisering av kommunen sine nettsider som grunnlag for fornying	Green	
Revidera internasjonal strategi	Green	
Gje oversikt over kommunen sine rammeavtalar på nettsidene	Green	
Kartleggja «tidstjuvar» i kommunen sin administrasjon	Yellow	Kartlegginga er i gang.

5.5.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Administrasjon

Administrasjonen har i 2016 hatt ei god og stabil bemanning. Administrasjonen har ansvar for at kommunen følger overordna lover og forskrifter og samtidig yter administrasjon service overfor publikum og interne avdelingar.



Time kommune har relativt sett låge driftsutgifter til administrasjon samanlikna med fylket og dei samanliknbare kommunane som utgjer KOSTRA gruppe 8.

Det er i 2016 arbeidd med å ta i bruk nye system i lønns- og personalforvaltninga. Dette vil vera fullt gjennomført i 2017.

Jæren kemnerkontor har eit godt driftsår og meir enn oppfylt resultatkrava som sett av Skatedirektoratet når det gjeld innkrevjing av skatt og arbeidsgjevarkontroll. I tillegg viser rekneskapen ei innsparing på 0,6 millionar. Gebyrinntekter i innkrevjingsarbeidet står for det meste av innsparingane. Innsparingane vert fordelt på dei fire samarbeidskommunane.

5.5.4 Utfordringar framover

Kommunen skal tilpassa seg eit nivå med lågare inntekter framover og det er behov for analytiske kompetanse og kompetanse på innovasjon og nytenking for å finna nye og meir effektive måtar å utføra kommunen sine oppgåver på.

Når nye datasystem vert tekne i bruk det ei utfordring å henta ut heile effektiviseringsgevinsten.

Administrasjonen er i endring og vert meir digital. Det vil seia at fleire dataprogram og nye modular i eksisterande dataprogram vert tekne i bruk. Resultatet er at manuelle oppgåver forsvinn. Dette gjer arbeidet meir effektivt og sikrare. Det betyr òg at mange såkalla tidstjuvar vert borte, som for eksempel manuelt arbeid som kopiering og skanning. Arbeidet med å kartleggja tidstjuvar vil fortsetja i omstillinga og med det den vidare digitaliseringa framover.

5.5.5 Omstilla, fornya, forenkla

Seks innovasjonsprosjekt fekk i 2016 tilskot til å testa ut nye løysingar. Desse prosjekta er knytt til dei overordna måla om tidleg innsats og førebygging. Prosjekta ser etter nye løysingar innan områda fritidsaktivitetar for barn med innvandringsbakgrunn, turaktivitet for menneske med psykiske vanskar, tolk i samband med foreldresamtalar i barnehagen, tverrsektorielt samarbeid for å førebyggja drop-out i vidaregåande skule, oppdaging av risiko hos barnehagebarn og internkommunikasjon i eigen organisasjon. Prosjekta har fått jamleg rettleiing og resultata av innovasjonsarbeidet vert lagt fram på Innovasjonsdagen i 2017.

Det er etablert eit innovasjonsteam som består av rådgjevarar frå tenesteområda og stabane. Teamet skal vera pådrivarar for innovasjon i organisasjonen og bidra med kompetanse og rettleiing i tenestene sitt innovasjonsarbeid.

Det er laga prosjekthandbok, interne rettleiingsrutinar og eit nytt elektronisk prosjektverktøy for å samordna og effektivisera planprosessar og prosjekt i organisasjonen.

Kommunen deltek på ulike arenaer for å styrkja den digitale kompetansen og finna fram til nye løysingar som gjer tenesteytinga meir målretta og effektiv. Nordic Edge Expo er eitt eksempel. Det er etablert ei intern gruppe for digitalisering og utdannings- og velferdsteknologi som samordnar kunnskapsinnsamling, delar erfaringar og er pådrivar for digitalisering av kommunale tenester og kommuneorganisasjonen. Eit særleg fokus er gevinstrealisering.

6 Kommunen som arbeidsgjevar


6.1 Rapportering om tiltak 2016


Tiltak	Merknader
Kommunen som arbeidsgjevar	
Laga ein felles kompetanseplan for alle tenesteområda	
Gjennomføra intern opplæring i metodikk for innovasjonsarbeid	
Utvikla støtteprogram for leiarar med innføring i kommunen sine system og forventingar til leiarrolla	
Gje opplæring og tett oppfølging av leiarar om dokumenthandtering	
Overføra rutinar og retningslinjer til kommunen sitt elektroniske kvalitetssystem	Arbeidet pågår
Verksemder med sjukefråvær over 8 % skal setja i gang tiltak	
Revidera seniorpolitikken og vurdera tiltak	Det er utarbeidd forslag som skal vedtakast våren 2017
Arrangera fellesarrangement for alle tilsette i Time kommune	
Informera tilsette om kommunereforma	

6.2 Vurdering og oppsummering av driftsåret

Tilsette i kommunen

	2013	2014	2015	2016
Oppvekst	526	543	551	567
Omsorg	334	346	349	348
Samfunn	174	178	185	186
Stabar	60	61	63	65
Årsverk i alt	1 094	1 129	1 148	1 166





Time kommune gjennomfører medarbeidarundersøking anna kvart år, og brukar KS sin «10 faktor»-metode som verktøy. I løpet av våren 2016 fikk leiarane rettleiing og konkret hjelp til oppfølging og utarbeidning av tiltak basert på resultata frå undersøkinga hausten 2015.

Den 9. mars 2016 inviterte kommunen til fellesarrangement for alle tilsette i Time kommune. Det er andre gong på rad rådmannen inviterer tilsette til samankomst i samband med Livsgledefestivalen. Over 500 tilsette deltok på konsert med Bjørn Eidsvåg og enkel servering i Storstova. Tilbakemeldingane frå tilsette viser at arrangementet var svært vellukka.

Rekruttering

Fast tilsette som har sluttat	2013	2014	2015	2016
Årsverk	68,6	58,3	46,3	53,4
Prosent	6,3 %	5,2 %	4,0 %	4,6 %

I 2016 var arbeidsmarknaden prega av høg arbeidsløyse, og kommunen merka dette gjennom fleire søkjarar til ledige stillingar. Det er få yrkesgrupper det fremdeles er problem å rekruttera til og me får nå kvalifiserte søkerar til faste stillingar som barnehagelærar og vanleg lærar. Det er likevel fortsatt vanskeleg å skaffa kvalifisert personell i vikariat, og det er heller ikkje enklare å rekruttera sjukepleiarar og vernepleiarar. Kommunen hadde i 2016 ein turnover i personalet på 4,6 % noko som er eit akseptabelt nivå.

I 2016 har me arbeidd vidare med å sikra at tilsettingsprosessane i kommunen er gode. Me har fortsett med å utvikla god skriftleg rettleiing og gode verktøy og malar på intranettet for å gjera det mogleg for leiarane å driva med «sjølvbetjening». I år har me og hatt eit spesielt fokus på tilsetting av leiarar gjennom å forbetra sjølve intervjuasjonen.

Kompetansebygging

Me har i 2016 utarbeida ein strategisk overordna kompetanseplan for kommunen. Målet med planen er å tilpassa kompetanseutviklinga for å sikra god kvalitet og utvikling i tenestene våre. Kompetanseplanen tydeleggjer behov og utfordringar kommunen har framover og dei ulike tenesteområda utarbeider eigne tiltaksplanar for å dekka deira behov og utfordringar. Planane følgjer årshjulet til økonomiplanen.

Inntak 2015	Inntak 2016	Forskyvingar (sjukdom, permisjon o.l.)	Totalt etter inntak 2016	Per 31.12.16
8 lærlingar	12 lærlingar	3 lærlingar	23 lærlingar	20 lærlingar (3 har heva kontrakt)

Time samarbeider med kommunane Klepp, Hå og Gjesdal om felles utlysing og opptak av lærlingar, og søkeristen er 21. februar kvart år. I 2016 fekk me 61 søkerar til lærlingplass i Time kommune. Me har totalt 23 læreplassar fordelt på eit 2-årig lærlingløp. Målet var å rekruttere 14 nye lærlingar, men fordi det var for få, og ikkje nok kvalifiserte, søkerar som ville gå barne- og ungdomsarbeidar fekk me ikkje fylt opp plassane. Tolv nye lærlingar vart rekrutterte og dei starta opp i august 2016 med denne fordelinga på fag:

- 8 helsefagarbeidrarar
- 3 barne- og ungdomsarbeidrarar
- 1 institusjonskokk

I løpet av året vart det arbeidd aktivt for å få fylt opp dei to siste plassane, blant anna gjennom samarbeid med NAV og Rogaland fylkeskommune. Mot slutten av året fekk me inn to lærlingar til praksisplassar i oppvekst via NAV, med mål om å inngå vanleg avtale om læreplass.

Me har i tillegg eit interkommunalt samarbeid for praksiskandidatar med Klepp, Hå, Gjesdal og Sola. Kurset er eit tilbod for fast tilsette i skule og barnehage (kommunale og private) som ønskjer å ta fagutdanning. Til nå har 18 personer frå Time fullført opplegget og fått fagbrev.

Kvalitet og internkontroll

Kommunen har over fleire år arbeidd med betring av internkontroll. Kvalitetsutvalet har sett i verk felles årleg internkontrollrapportering for alle einingar, både på faglege målepunkt og oppgåver som ligg i leiarrolla.


Utvalet har arbeidd med fire konkrete mål i 2016: *1) Betre systematikk i samband med brukarundersøkingar, 2) Utarbeida internkontroll av rutinar som gjeld bygg og anlegg, 3) Betra oppfølging av innkjøpsreglar og bruk av rammeavtalar, og 4) Evaluering av eksisterande tenestestandardar og timeavtalar.* Mål ein til tre er nådd, mens mål nummer fire vert vidareført til 2017.

Arbeidet med å samla rutinar og retningslinjer til kommunen sitt kvalitetssystem er i gang, men har gått saktare enn planlagt. Dette målet vil verta vidareført til 2017.

I takt med at kommunen har fått fleire einingar, aukar behovet for fleire verneombod. For å oppfylla arbeidsmiljølovgjevinga sine krav til vernetenesta, har me auka talet på verneombod. Budsjettet til bedriftshelseteneste har òg vorte auka noko for å oppfylla krav til systematisk HMS-arbeid. Det er gjennomført lovpålagt HMS-opplæring for verneombod, leiarar og medlemmar av AMU.

Time er ei IA-verksemde og arbeider kvart år etter dei mål som IA-avtalen legg føre. Kommunen arbeider òg etter eigen arbeidsgivarstrategi, som understrekjer viktigeita av likestilling, likeverd og mangfald. Viktige mål i strategien er at mangfaldet i befolkninga skal visa igjen blant medarbeidarane i kommunen, legga til rette for eit likestilt arbeidsliv, ein aktiv rekruttering av personer med minoritetsbakgrunn, ein livsfaseorientert personalpolitikk og ein hovudregel om heile stillingar. I 2016 besto rådmannen si leiargruppe av 50 % kvinner og 50 % menn. Når det gjeld dei andre leiarane i kommunen var 75 % kvinner og 25 % menn.

Sjukefråvær



Det samla sjukefråværet i 2016 var på 7,2 %. Dette er ein reduksjon på 0,3 % samanlikna med 2015, men fortsatt over målsettinga i IA-avtalen som er på 5,7 %. Det er langtidsfråværet (≥ 17 dagar) som går ned. I 4. kvartal 2016 har 38 av 64 tenesteeiningar reduksjon i fråværet samanlikna med 4. kvartal 2015. Dette er ei utvikling kommunen arbeider for oppretthalda og forsterka.

Kommunen har i 2016 endra rutinane for sjukefråværsoppfølging og innarbeidd tett og tidleg oppfølging av tilsette som er sjukemelde. Det er òg gjennomført leiarsamling med nærværsamarbeid som tema. Alle leiarane har tilbod om å delta på IA-kurs i regi av NAV. Bedriftshelsetenesta og organisasjonsavdelinga vert nytta til rådgjeving i enkeltsaker og i det strategiske arbeidet med å auka nærværet. Kommunen har fått tett oppfølging frå NAV Arbeidslivssenter.

Analysar av sjukefråværet som verksemdleiarar har gjennomført i samarbeid med organisasjonsavdelinga, avdekker at det i mange tilfelle er 15-20 % av dei tilsette som har ca. 80 % av sjukefråværet. Denne situasjonen finn me i alle tenesteområda. Ein stor del av sjukefråværet er relatert til alvorlege og/eller kroniske sjukdomar, og er ikkje arbeidsrelaterte. I kartlegging av fråværet innanfor dei ulike tenesteområda finn ein at det ofte er gjennomført omfattande og mangeårige tilretteleggingstiltak utan at dette har mogleggjort eit høgare nærvær for den tilsette.

Kommunen har hausten utarbeidd ny IA-handlingsplan for 2017-2018 på bakgrunn av analysane av sjukefråværet som er gjort i dei ulike tenesteområda. Handlingsplanen vart vedteken av arbeidsmiljøutvalet 7. februar 2017.

Leiing

Leiarar per 31.12	2013		2014		2015		2016	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Rådmannen si leiargruppe	57 %	43 %	50 %	50 %	50 %	50 %	50 %	50 %
Øvrige leiarar	76 %	24 %	74 %	26 %	77 %	23 %	75 %	25 %
Totalt antal leiarar	-	-	-	-	59	20	59	22

I løpet av året har me satt i verk eit introduksjonsprogram for nye leiarar. Programmet inneber informasjon, opplæring og forventningsavklaring på dei oppgåvane som ligg til leiarrolla. Evalueringa etter seks månader visar at dei nye leiarane er svært nøgde med programmet og at dei er tryggare som leiarar etter å ha gått gjennom programmet.

Administrasjonen har starta opp med frukostmøter for leiarane kor ulike tema vert gjennomgått. Dette er meint som ein enkel og heilt konkret form for leiarstøtte. På første frukostmøte var sjukefråværssopfølging tema.

Digitaliseringaprosjekt i stabane er ennå i startfasen. Allereie nå ser ein at arbeidsoppgåvane til dei tilsette dreier bort frå å utføra praktiske oppgåver til å innebere meir rettleiing og oppfølging av leiarar i bruk av systema.

Lønn

Årslønn (lønnstabell) 10 års ansiennitet				
	2013	2014	2015	2016
Ufaglært	331 400	339 900	340 400	347 700
Faglært	361 900	375 100	381 900	389 200
Høgskule/universitet	405 100	419 500	426 400	435 800

Seniorpolitikk og pensjon

Seniorar per 31.12.16	Tilsette aktive	Senior-avtale	AFP*	AFP*	Pensjonist-vilkår
62-64 år	66	45	18	8	3
65-66 år	16	7	20	-	2
67 år og over	3	1	-	13	31
Sum	85	53	38	21	36

*Inkluderer heil/delvis AFP

Uttaket av APF 62-64 år i Time ligg på omlag halvparten av ein gjennomsnitts KLP-kommune. Ein viktig årsak til dette er at mange inngår senioravtale.

Pensjon	2014	2015	2016
Innmelde medlemmar (aktive og uføre)	1 850	1 878	2 026
Personar med heil/delvis AFP	24	29	38
Personar med heil/delvis uførepensjon	135	140	142
Gjennomsnittleg uføreandel	7,3 %	7,5 %	7,0 %

Samla har tilsette i Time kommune ein gjennomsnittleg uføredel på 7 % (for tilsette med pensjonsordning i KLP er snittet 6,9 %, medan for tilsette i SPK (lærarar) er snittet 9 %). Snittet for kommunane i Rogaland er på 8,4 %, mens landsgjennomsnittet er på 10,6 % (statistikk frå KLP).

6.3 Utfordringar framover

Time kommune skal gjennomføra ein effektiviseringsprosess i 2017. Prosessen involverer alle tenestene og utfordringa vil vera å sjå om kommunen klarer å finna løysingar som gjer at Time kan produsera like gode tenester til redusert ramme. Kommunen vil nytta innovasjonsmetoden BLT (behov, løysing og testing) for å setja brukaren sitt behov i sentrum for nye løysingar.

For å kunna levera tenester til redusert ramme, er det ei føresetnad at flest mogleg tilsette er på jobb. Derfor er utfordringa med å få ned sjukefråvær ei svært viktig oppgåve framover. Time kommune har eit sjukefråvær som er under snittet for kommunane i Noreg, men det er for høgt i forhold til våre eigne målsettingar.

Like viktig som sjukefråværet, er arbeidet med heiltid. Det er for mange deltidsstillingar i kommunen. Det fører til at fleire brukarar må halda seg til mange tilsette i løpet av dagen og veka. Rådmannen ser at kvaliteten på tenestene kan verta betre med fleire tilsette i høgare stillingsprosent. I Omsorg, som har mykje deltid, har Time eit eige prosjekt som omhandlar alternative arbeidstidsordningar. I prosjektet er behovet til brukaren i sentrum for å vurdera nye måtar å organisera arbeidstida på. Arbeidet med heiltid handlar både om at tilsette skal ha ein stillingsstørrelse det går an å leva av og at kvaliteten på tenesta vert betre. Kommunen sitt omdømme som arbeidsgjevar og evne til å rekruttera fagarbeidarar og høgskuleutdanna, er avhengig av at me har attraktive stillingar å tilby.

Time ønskjer eit mangfoldig arbeidsmiljø som sikrar at kommunen rekrutterer og beheld gode tilsette, uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, funksjonsevne, seksuell orientering eller alder. Time gjer viktige tiltak i dag, men ser at ein med fordel kan verta meir systematisk i arbeidet. Derfor starta kommunen arbeidet med ein overordna plan for likebehandling og likestilling i den kommunale verksemda i 2016. Planen skal innehalda konkrete mål og tiltak, som eksempelvis nye standardtekster i stillingsannonser som opplyser at Time kommune er oppteken av mangfold, og oppmodar alle kvalifiserte kandidatar til å søkja jobb hos oss uansett alder, kjønn, funksjonshemmning, nasjonal eller etnisk bakgrunn. Standardteksten skal opplyse om at Time kommune IA-bedrift, og at me vil leggja forholda til rette for søkerar med redusert funksjonsevne.

7 Investeringsar

Tabellen nedanfor viser korleis investeringane til kommunen er finansiert dei siste åra. Fullstendig investeringsrekneskap går fram av rekneskapsdokumentet for 2016. Alle notereferansar viser til rekneskapsdokumentet. Investeringsane varierer mykje frå år til år, jamfør tabellen nedanfor.

(i 1000 kr)	Rekneskap				Budsjett
	2013	2014	2015	2016	2016
Investeringsar i nybygg og nyanlegg	203 415	331 067	228 531	231 672	198 401
Finansiert slik:					
Investeringsinntekter	10,5 %	28,7 %	40,9 %	41,5 %	30,5 %
Eigenkapital	61,8 %	15,3 %	11,6 %	15,0 %	19,7 %
Låneopptak	27,7 %	52,7 %	46,4 %	41,2 %	51,6 %
Ikkje finansiert	-	3,3 %	1,1 %	3,2 %	-

I 2016 er investeringane finansiert med 41,2 % låneopptak. Time har tatt opp 95,6 millionar kroner i nye lån til investeringsformål.

Investeringsinntektene er statstilskot til omsorgsbustadar, refusjon frå Klepp kommune for tomt til Vardheia ungdomsskule, spelemidlar og refusjonar frå private utbyggjarar. Momskompensasjon for investeringar er frå 2014 ført i investeringsrekneskapen. I 2016 var momskompensasjonen 32,9 millionar kroner.

Eigenkapitalfinansieringa inkluderer overføring frå driftsrekneskapen, mottekne avdrag frå Lyse og salsinntekter.

I investeringsrekneskapen vert òg utlån av startlån ført. I 2016 lånte kommunen ut 39,8 millionar kroner mot 19,4 millionar kroner i 2015. Årlege utbetalingar er noko avhengig av når nye utbyggingsprosjekt vert ferdigstilt.

(i 1000 kr)	Rekneskap				Budsjett
	2013	2014	2015	2016	2016
Investeringsar i nybygg og nyanlegg	203 415	331 067	228 531	231 672	199 601
Finansiert slik:					
Tilskot/refusjonar	21 351	38 300	66 236	63 205	34 450
Netto startlån	60	-12	2	-2 234	-3 500
Momskompensasjon		56 782	27 229	32 881	26 400
Eigenkapital	125 639	50 808	26 579	34 685	39 282
Bruk av lån	56 365	174 390	106 017	95 610	102 969
Sum finansiering	203 415	320 268	226 063	231 672	199 601
Avvik investering/finansiering	-	-10 799	-2 468	-7525	-
Brak av eigenkapital:					
- overført frå drift	32 994	4 524	10 277	20 750	19 900
- netto bruk av tidlegare avsetningar	-2 412	886	-19 731	3 577	52
- mottatte avdrag	5 832	5 832	5 832	5 832	5 830
- årets salsinntekter	90 180	53 475	36 064	6 958	15 900
- avdrag	-700	-	-9 002	-	-
- andelar og utlån	-255	-13 909	3 139	-2 432	-2 400
Sum	125 639	50 808	26 579	34 685	39 282

Årsoppgjersdisposisjonar i investeringsrekneskapen

Kommunestyret behandla i desember 2016 ei sak om justering av investeringsløyvingane. Investeringane går over fleire år, men investeringsrekneskapen skal gjerast opp årleg. Sjølv om ein justerer så seint vert det avvik mellom budsjettet løyving og forbruk kvart år. Når ein salderer investeringsrekneskapen vert meirforbruk på eit prosjekt finansiert med mindreforbruk på eit anna. Investeringsrekneskapen er i 2016 er saldert med 7,5 millionar kroner i udekka meirforbruk. Dette skuldast at budsjettet låneopptak i 2016 ikkje fullt ut er tatt opp.

Kommentarar til investeringsprosjekta

For å få ein best mogleg oversikt viser første kolonne rekneskapsført i 2016, neste viser rekneskapsført til og med 2016 og den tredje kollonna viser prosjektløyving.

7.1 IKT og administrasjon

IKT og administrasjon (i 1000 kr)	Rekneskap 2016	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Prosjekt: 1101 IKT investeringar - felles			
Utgifter	2 746	2 746	2 500
Inntekter	0	0	0
Sum	2 746	2 746	2 500
Prosjekt: 1103 IKT investeringar - skular			
Utgifter	1 001	1 001	1 000
Inntekter	0	0	0
Sum	1 001	1 001	1 000
Prosjekt: 1213 Oppgradering av ventilasjonsanlegg			
Utgifter	3 371	10 976	10 000
Inntekter	0	0	0
Sum	3 371	10 976	10 000
Prosjekt: 1217 Oppgradering rådhus bygg A og C			
Utgifter	472	472	17 000
Inntekter	-1 500	-1 500	-1 500
Sum	472	472	15 500
Prosjekt: 4503 Bryne kyrkje - rehabilitering			
Utgifter	1 020	5 727	11 050
Inntekter	0	0	0
Sum	1 020	5 727	11 050
Prosjekt: 4510 Time kyrkje			
Utgifter	808	1 324	6 000
Inntekter	0	0	0
Sum	808	1 324	6 000
Prosjekt: 4511 Time gravplass			
Utgifter	1 317	7 980	45 000
Inntekter	-33	-195	0
Sum	1 284	7 785	45 000

Prosjekt: 1101 IKT investeringar – felles

Om lag 2,7 millionar kroner er brukt i år til oppgradering av Visma med blant anna to nye modular til HRM-systemet, samt oppgradering av store fagsystem som Acos Websak og utvikling av prosjektportal på intranettet. Mykje nettverksutstyr til oppgradering av dei trådlause nettverka våre er kjøpt slik at kommunen er klar når velferdsteknologien i omsorg kjem for fullt. Det er også kjøpt inn ein del nye tynnklientar og skjermar.

Prosjekt: 1103 IKT investeringar – skular

1 million kroner er brukt i år til innkjøp av controller til den nye trådlause nettverksløysinga. Mykje nettverkutstyr, samt trekkerøyr og fiber er kjøpt inn. Alle skular er under oppgradering i forbindelse med innføring av iPad i skulen. Det er brukt om lag 200 000 kroner til fibersamband til Lye.

Prosjekt: 1213 Oppgradering av ventilasjonsanlegg

Fram til og med 2019 er det sett av 16 millionar kroner til oppgradering og rehabilitering av ventilasjonsanlegg i den samla kommunale bygningsmassen. Ved utgangen av 2016 er det brukt om lag 11 millionar kroner.

Prosjekt: 1217 Oppgradering av bygg A og C

Prosjektet er så vidt i gang. Kommunen fekk statlege vedlikehaldsmidlar på 1,5 millionar kroner slik at ein kunne gjennomføra energiøkonomiserande tiltak i bygg C i 3. og 4. etasje. Time overførte i KS sak 85/16 1,2 millionar kroner til neste år som ei budsjettendringssak. Dette er feil i forhold til premissene i tilskotet då ubrukte løyvingar skal avsetjast til bundne fond. Både budsjett og rekneskap er korrigert i rekneskapsavslutninga. Dette ekstratiltaket vert ferdigstilt i mars 2017.

Prosjekt: 4503 Bryne kyrkje – rehabilitering

Prosjektet gjeld nødvendig rehabiliteringsarbeid i Bryne kyrkje som fortløpende vert utført av Time kyrkjelege fellesråd.

Prosjekt: 4510 Time kyrkje

Prosjektet gjeld nødvendig rehabiliteringsarbeid i Time kyrkje som fortløpende vert utført av Time kyrkjelege fellesråd.

Prosjekt: 4511 Time gravplass

Arbeidet med utviding av gravplassen ved Time kyrkje kom i gang i slutten av 2016. Rekneskapsførte utgifter hittil gjeld i hovudsak grunnkjøp, regulering og prosjektering.

7.2 Oppvekst

Prosjekt: 2203 Mindre ombyggingar – Oppvekst

Mindre oppgraderingstiltak i skular og barnehagar omtalte i LOK-sak 006/16 er sluttførte i 2016. Meirutgifter eit år skal medføra tilsvarande mindreutgifter neste år.

Prosjekt: 2236 Avfallskonteinarar

Det er i alt avsett 3 millionar kroner fram til 2018 til nedgravne avfallskonteinarar ved barnehagar og skular som brannførebyggjande tiltak. Ved utgangen av 2016 er det brukt 1,3 millionar kroner.

Prosjekt: 2237 Bryne kompetansesenter

Det er brukt om lag 11 millionar kroner til nødvendig oppgradering av Bryne vidaregåande skule slik at skulen kunne nyttast av Bryne kompetansesenter og PPT. Det er sett av 4 millionar kroner til prosjektet i 2017, jf. økonomiplan for perioden 2017 – 2020, som tilseier at samla utført arbeid vil vera utført innanfor avsett løyving.

Prosjekt: 2239 Timehallen – klasseromdel

Nødvendig oppgradering av klasseromdelen av Timehallen til bruk for elevar frå Rosseland skule frå hausten 2016 er utført.

Oppvekst (i 1000 kr)	Rekneskap 2016	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Prosjekt: 2203 Mindre ombyggingar - Oppvekst			
Utgifter	1 897	1 897	1 500
Inntekter	-	-	-
Sum	1 897	1 897	1 500
Prosjekt: 2236 Avfallskonteinarar			
Utgifter	227	1 271	3 000
Inntekter	-	-	-
Sum	227	1 271	3 000
Prosjekt: 2237 Bryne kompetancesenter			
Utgifter	1 967	10 711	7 000
Inntekter	-	-	-
Sum	1 967	10 711	7 000
Prosjekt: 2239 Timehallen - klasseromsdel			
Utgifter	1 588	1 588	1 000
Inntekter	-	-	-
Sum	1 588	1 588	1 000
Prosjekt: 2241 Bryne ungdomsskule - påbygg			
Utgifter	33 202	39 154	68 200
Inntekter	-	-	-
Sum	33 202	39 154	68 200
Prosjekt: 2242 Vardheia ungdomsskule			
Utgifter	34 735	34 796	295 700
Inntekter	-14 959	-14 959	-126 500
Sum	19 776	19 837	169 200
Prosjekt: 2243 Frøyland skule			
Utgifter	28 941	29 507	100 000
Inntekter	-840	-840	-7 000
Sum	28 101	28 667	93 000
Prosjekt: 2247 BKS - rehab WC			
Utgifter	643	643	500
Inntekter	-500	-500	-500
Sum	643	643	500

Prosjekt: 2241 Bryne ungdomsskule – påbygg

Bryne ungdomsskule vert nå utvida. Elevkapasiteten skal aukast frå 270 til 450 elevar. Prosjektet skal vera ferdigstilt til hausten 2017. Kostnadsramma er 68,2 millionar kroner.

Prosjekt: 2242 Vardheia ungdomsskule

Grunninnløysing av skuletomta er etter inngått kjøpsavtale betalt i 2016. Inntektene er refusjon av Klepp sin del av kjøpskostnadane.

Prosjekt: 2243 Frøyland skule

Frøyland skule vert nå utvida. Elevkapasiteten skal aukast frå 320 til 540 elevar. I tillegg skal det oppførast ny idrettshall ved skulen. Prosjektet skal vera ferdigstilt til hausten 2017. Kostnadsramma er 100 millionar kroner, og det er budsjettert med 7 millionar kroner i spelemidlar til idrettshallen.

Prosjekt: 2247 Bryne kompetansesenter – rehabilitering av WC

Dette er eit tiltak som er fullfinansiert med ekstraordinære vedlikehaldsmidlar frå staten.

7.3 Omsorg

Omsorg (i 1000 kr)	Rekneskap 2016	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Prosjekt: 3202 Mindre ombyggingar - omsorg			
Utgifter	1 139	1 139	1 000
Inntekter	-	-	-
Sum	1 139	1 139	1 000
Prosjekt: 3219 UU-prosjekt kommunale bygg			
Utgifter	166	633	3 500
Inntekter	-	-	-
Sum	166	633	3 500
Prosjekt: 3234 Sivdamheimen - sansehage			
Utgifter	174	1 976	1 900
Inntekter	-43	-943	-943
Sum	131	1 033	957
Prosjekt: 3261 Stemmen burettslag			
Utgifter	2 292	2 292	28 100
Inntekter	-	-	-25 200
Sum	2 292	2 292	2 900

Prosjekt: 3202 Mindre ombyggingar – omsorg

Mindre oppgraderingstiltak i helse- og omsorgsbygg omtalte i LOK-sak 006/16 er sluttførte i 2016.

Prosjekt: 3219 UU-prosjekt kommunale bygg

Fram til 2018 er det i alt sett av 3 millionar kroner i ein første fase for å gjera flest mogleg av alle kommunale bygg universelt tilgjengelege.

Prosjekt: 3232 Kommunale utlegebustadar

Det er brukt 1,2 millionar kroner til større rehabiliteringsarbeid av og i kommunale utlegebustadar i 2016.

Prosjekt: 3234 Sivdamheimen – sansehage

Sansehagen ved Sivdamheimen er ferdigstilt i 2016. Investeringsstilskot frå Husbanken til tiltaket er mottatt.

Prosjekt: 3261 Stemmen burettslag

Prosjektet gjeld oppføring av sju nye sjølveigde omsorgsbustadar for ungdommar med funksjonshemming i Stemmen burettslag på Kverneland med tilhøyrande kommunal personalbase. Byggearbeidet starta hausten 2016 og bustadane skal vera innflyttingsklare mot slutten av 2017.

7. 4 Samfunn

Samfunn - kulturprosjekt (i 1000 kr)	Rekneskap 2016	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Prosjekt: 4212 Rehabilitering tak Timehallen			
Utgifter	1 117	1 238	1 300
Inntekter	-500	-500	-500
Sum	617	738	800
Prosjekt: 4311 Garborgheimen, Knudaheiå			
Utgifter	316	1 027	2 500
Inntekter	-	-	-
Sum	316	1 027	2 500
Prosjekt: 4454 Storstova			
Utgifter	913	913	1 000
Inntekter	-	-	-
Sum	913	913	1 000
Prosjekt: 4459 Møllekjellaren			
Utgifter	5 293	26 575	23 700
Inntekter	-1 717	-2 717	-3 500
Sum	3 576	23 858	20 200

Prosjekt: 4212 Rehabilitering tak Timehallen

Arbeidet vart sett i gang då Time fekk fullfinansiert prosjektet med tiltaksmiddel frå regjeringa.

Prosjekt: 4311 Garborgheimen, Knudaheiå

Prosjektet gjeld montering av brannsprinklaranlegg i Garborgheimen, Træ og Fotland mølle. I tillegg skal taka på Garborgheimen og Knudaheiå rehabiliterast. Jærmuseet utfører arbeidet over ein periode på 3 år.

Prosjekt: 4454 Storstova

Noko utskifting av teknisk utstyr og rehabiliteringsarbeid i av bygget til 900 000 kroner er utført i år.

Prosjekt: 4459 Møllekjellaren

Prosjketet er ferdigstilt i 2016. Prosjektet har eit meirforbruk på grunn av uforutsette kostnader i rehabilitering av eit gamalt bygg. Prosjektet må sjåast i samanheng med prosjekt 5660. det blir fremma eige prosjektrekneskap for begge prosjekta samla.

Samfunn - utbygging (i 1000 kr)	Rekneskap 2016	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Prosjekt: 5209 Lyefjell BL3			
Utgifter	11 928	46 592	45 700
Inntekter	-7 859	-81 281	-83 000
Sum	4 069	-34 689	-37 300

Prosjekt: 5209 Lyefjell BL3

Bustadfeltet er under opparbeiding i eit samarbeid mellom kommunen og utbyggingselskapet som kjøpte store delar av feltet etter anbodskonkurranse. Det er inngått opparbeidingsavtale mellom partane etter same mal som for utvikling og opparbeiding av nabofeltet BL2. Rekneskapsførte utgifter og inntekter så langt følger salsavtalen for sal av feltet og nemnde opparbeidingsavtale med m.a. anleggsbidrag. Fem opparbeidde kommunale einebustadtomter vert klar for sal 1. kvartal 2017.

Samfunn - VAR (i 1000 kr)	Rekneskap 2016	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Prosjekt: 5519 Holåvegen			
Utgifter	842	3 352	2 750
Inntekter	-	-1 138	-
Sum	842	2 214	2 750
Prosjekt: 5520 Line-Hognestad - vass- og avløpsanlegg			
Utgifter	4 601	16 955	31 500
Inntekter	244	-1 424	-6 050
Sum	4 845	15 531	25 450
Prosjekt: 5528 VA-anlegg Geidahodne + Skulegata			
Utgifter	3 207	3 207	13 000
Inntekter	-	-	-
Sum	3 207	3 207	13 000
Prosjekt: 5551 Overv.Rosseland - skifte felleskummer			
Utgifter	3 333	3 333	6 500
Inntekter	-	-	-
Sum	3 333	3 333	6 500

Prosjekt: 5519 Holåvegen

Det står igjen noko utbetningsarbeid i 2017 før prosjektet er avslutta.

Prosjekt: 5520 Line-Hognestad - vass- og avløpsanlegg

Prosjektet gjeld rehabiliteringsarbeidet av vassanlegget og nytt avløpsanlegg på strekninga Line-Hognestad. Første del av prosjektet vart ferdigstilt i 2015. Andre og siste del starta opp før sommaren i år og vil verta ferdigstilt hausten 2017.

Prosjekt: 5528 VA-anlegg Geidahodne + Skulegata

Prosjektet gjeld utføring av nødvendig vass- og avløpsanlegg i samband med utvidinga av Bryne ungdomsskule, samt utskifting av vass- og avløpsleidningar i Skulegata. Anleggsarbeidet vert ferdigstilt til sommaren 2017.

Prosjekt: 5551 Overvatn Rosseland - skifte felleskummar

Utskifting av om lag 70 felleskummar på Rosseland er første prioriterte del av arbeidet med registrerte overvassutfordringar på Bryne. Ved utgangen av 2016 var vel halvdelen av kummane skifta ut.

Samfunn - vegar (i 1000 kr)	Rekneskap 2015	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Prosjekt: 5600 Bilar/maskinar - kjøp			
Utgifter	1 448	1 448	1 250
Inntekter	-	-	-
Sum	1 448	1 448	1 250
Prosjekt: 5605 Sentrumstiltak			
Utgifter	1 242	1 242	1 200
Inntekter	-	-	-
Sum	1 242	1 242	1 200
Prosjekt: 5610 Gang-/sykkelveg - div. prosjekt			
Utgifter	1 248	1 248	1 000
Inntekter	-	-	-700
Sum	1 248	1 248	300
Prosjekt: 5646 Line-Hognestad - Gang/sykkelveg			
Utgifter	7 857	8 692	18 450
Inntekter	-	-5 000	-5 000
Sum	7 857	3 692	13 450
Prosjekt: 5656 Ny parkeringsordning Bryne			
Utgifter	3 784	3 784	6 000
Inntekter	-	-	-
Sum	3 784	3 784	6 000
Prosjekt: 5660 Utomhusanlegg Bryne Mølle			
Utgifter	3 497	14 310	15 100
Inntekter	0	-1 000	-1 000
Sum	3 497	13 310	14 100

Prosjekt: 5600 Bilar/maskinar – kjøp

Det er i år kjøpt inn bilar og maskinar for om lag 1,4 mill. kroner til egedoms- og kommunaltekniske tenester. Meirutgifter eit år vert følgt opp med mindreutgifter neste år.

Prosjekt: 5605 Sentrumstiltak

Aktuelle sentrumstiltak utført i år er omtalte i LOK-sak 006/16 og følger føringane i saka.

Prosjekt: 5610 Gang-/sykkelveg - diverse prosjekt

I tråd med handlingsplanen til ny Trafikksikringsplan 2016 – 2025 er det i år mellom anna etablert intensiv belysning langs Arne Garborgs veg og Jernbanegata. I tillegg er det sett opp avtovern langs Orrevegen ved Spødarbakken barnehage, og utført mindre trafikksikringsarbeid. Etter avtale med Rogaland fylkeskommune vil refusjon av budsjetterte trafikksikringsmidlar i 2016 verta utbetalt i 2017 saman med løvvde trafikksikringsmidlar i 2017.

Prosjekt: 5646 Line-Hognestad - Gang/sykkelveg

